



2 TERTIAL 2017



Framlegg i frå rådmannen september 2017

Innhald

Økonomisk oversyn.....	3
Drifta.....	3
Skatt og finans	10
Investering	12
Plassering.....	14
Anna tilbakemelding.....	15
Om tenesteområda	15
Tilsyn	17
Avvik	18
Tverrfagleg/sektorielt samarbeid	19
Brukar- / tilsettmedverknad	20
Kompetanse	21
Sjukefråvær/arbeidsmiljø.....	23
Handlingsprogram 2017 – 2020	25
1.Folketal og arbeid.....	27
2.Samfunnsutvikling og samfunnstryggleik	28
2.1. Areal og arealutvikling	28
2.2. Næring	30
2.3. Kommunal infrastruktur	31
2.4. Klima-, energi- og miljø	34
2.5. Regionalutvikling	35
2.6. Samferdsle	36
2.7. Samfunnstryggleik.....	37
3.Kunnskapssamfunnet	38
4.Å bu og trivast	41
4.1. Folkehelse	41
4.2. Helse og omsorg	42
4.3. Kultur.....	43
4.4. Inkludering.....	44
5.Kommunen som organisasjon og arbeidsgjevar	46

Økonomisk oversyn

Drifta

Her får du resultat per per eining per 31.08 (alle tal i tusen). Negativt avvik betyr underskot. Positivt avvik betyr overskot. Samla sett så har med eit overskot på 14,9 millionar i forhold til regulert budsjett. Avvika blir omtala nedanfor.

Einingar	Oppr. budsj.	Reg.budsj.	Rekneskap	Avvik Reg. budsj. -rekneskap
Form.sk/K-styre	3 545	3 566	2 740	826
Levekår	293	293	119	174
LMT	364	364	149	215
Rådmannen	42 558	38 608	30 305	8.303
Herav avs. lønsauke		(0)		
OPPVEKST	(62 522)	(63 708)	(60 202)	(3.506)
Overordna oppvekst	6 624	5 896	3 616	2.280
Indre Ryfylke PPT	1 920	2 176	2 088	88
Stølane b arnehage	3 213	2 327	2 498	-171
Kjølvikstølen barnehage	1 018	1 457	1 423	34
Vinjar barnehage	4 118	4 598	4 601	-3
Sand barnehage	6 550	7 052	7 277	-225
Erfjord skule	3 418	3 481	3 215	266
Marvik skule	2 474	2 471	2 320	151
Sand skule	17 251	17 524	17 504	20
Vinjar skule	6 692	7 000	6 791	209
Jelsa oppvekstsenter	3 480	3 466	3 334	132
Nesflaten oppvekstsenter	3 542	3 828	3 984	-156
Vanvik oppvekstsenter	2 338	2 290	2 305	-15
Gullingen leirskule	577	797	373	424
Introsenteret i Suldal	-693	-655	-1 127	472
HELSE OG OMSORG	(86 685)	(93 607)	(94 402)	(-795)
Overordna helse og oms.	2 212	2 871	2 346	525
NAV	3 971	3 712	2 787	925
Barnevern	5 587	5 676	6 398	-722
Sjukeheimen	25 525	25 600	26 643	-1 043
Helse	11 629	13 566	13 426	140
Sand bu- og omsorg.	11 948	12 130	11 561	569
Jelsa bu- og omsorg.	5 418	5 414	6 119	-705
Vinjar bu- og omsorg.	8 971	8 914	9 182	-268
Suldal bu- og aktivitet.	11 424	15 724	15 940	-216
BY, TEKNISK DRIFT, KULTUR	(37 122)	(41 893)	(39 207)	(2 686)
Overordna BY,TD og kultur	-757	93	0	93
Bygdeutvikling	5 565	5 026	3 656	1 370
Kultur	9 417	9 547	9 458	89
Teknisk drift	22 897	27 227	26 093	1 134
SAMLA SUM	233 089	242 039	227 124	14 915

Tabellen er inkl. bruk og avsetjing til fond innafør tenestene.

Etter at rapporten var lagt ut til einingane vert det oppdaga at delar av sjuke- og fødselspengene for juli og august ikkje var med i rapporten. I omtalen nedanfor er endringa teken omsyn til.

Felles

Innsparing stillingar i 2017 i %. Me er i rute.

Område	Start sparing	Vedteke	Spara	Kommentarar
Rådmannen				
	01.01.2017	50	130	Resterande 20% spart frå 01.01.18
	30.04.2017	100		
Spara i kroner	01.02.-11.08.			40% stilling i tidsrommet
		150	130	
Oppvekst				
	01.01.2017	100	100	
	31.08.2017	150		Budsjettert med statstilskot hausten 2017 og økonomiplan 2018-2021
		250	100	
Helse og omsorg				
	01.01.2017	200	190	
	01.03.2017		10	
		200	200	
BY/Kultur/Teknisk drift				
	01.01.2017	100	100	
	31.08.2017	50	50	
	31.08.2017	100		
Spara i kroner	01.04.-31.12.			80% stilling i tidsrommet
		250	150	
SAMLA		850	580	

Politisk

Overskottet skuldast i hovudsak:

- utbetalte honorar berre for første halvår
- Ikkje nytta midlar til tenestefrikjøp, tapt arbeidsforteneste eller vikarordning.
- Unytta reservepostar

Dette vil jamna seg ut over året

Rådmannen

Rådmannen har eit overskot etter andre tertial
Av desse gjeld 1,8 million tilskot knytt til konsesjonsavgiftene og 0,8 million ikkje utbetalt driftstilskot.

Det er i driftsbudsjettet avsett midlar til reparaasjon av kyrkjetak og maling av kyrkjer, ingen av desse midlane er utbetalt/nyttå så langt i år.

Det vert i første tertial løyvd 0,7 million til eit pensjonsoppgjær, desse er ikkje rekneskapsførte pr. andre tertial.

Hjå rådmannen er det ein del fellespostar som vert fordelt ut til einingane, dette gjeld seniorpolitikk, opplæringsmidlar, lærlingar og forsikring. Her er det unytta 2,1 millionar etter

andre tertial. Delar av desse midlane som gjeld seniorpolitikk vert truleg ikkje nytta i år. I tillegg er det att 0,2 million av lønsreserven. Det er midlar att til påskjøning tilsette, dette er naturleg, då mykje av utgiftene kjem mot slutten av året. Budsjetterte midlar til velferdstiltak, vert nytta no utover hausten.

Det vert truleg mindre forbruk i høve budsjett på felles IT i 2017. Dette skuldast i hovudsak at det er mindre reparaasjon og vedlikehald på utstyr. Mykje av pc utstyret er fornya dei siste åra, og feil vert ofte dekkå av garanti/serviceavtale.

Felles bilar er ikkje fordelt ut på einingane ved andre tertial.

Refusjon sjuke- og fødselspengar for juli og august er ikkje rekneskapsført.

Det ver i andre tertialrapport føreslått ein reduksjon i seniorpolitikkmidlane med 0,9 million.

OPPVEKST

Oppvekst overordna

Det er midlar att etter andre tertial.

Av desse er 1,2 million øyremmerka / prosjektmidlar frå staten. Dette gjeld BTI (Betre Tverrfagelt Innsats), tidleg innsats 1-4 klasse og utdanningsmidlar barnehage.

Barnehage har halde att noko lønsmidlar dette utgjer 0,1 million

I tillegg er det att 0,4 million av eigne midlar som er sett av til frikjøp av lærar / PPT for å ta vidareutdanning.

Endringar i soneinndelinga (vert ei sone) og gjennomgang av skyss og "skyssmønster" gjer at ein pr. andre tertial har att 0,4 million av budsjetterte skyssmidlar.

Det vert i andre tertialrapport føreslått ein reduksjon i skuleskyssmidlane med 0,4 million.

Indre Ryfylke PPT

Det er frå 01.03. interkommunalt PPT kontor mellom Suldal kommune og Sauda kommune. Det er teke inn Sauda sitt utgiftsbudsjett for dei ti siste mnd i 2017, og med same sum som refusjon frå Sauda.

Stølane barnehage

Eininga har eit underskot etter andre tertial Det har ikkje blitt budsjetregulert frå fond vikarmidlar for tre som tek barnhage-læruddanning. I tillegg er budsjettert brukarbetaling barnehageopphald for høg i forhold til tal born i barnehagen. Dette er ei omfordeling som barnehagane skal gjennomføra i tråd med tal born i den enkelte barnehagen.

Jelsa oppvekstsenter

Eininga har overskot etter andre tertial Både skule, barnehage og SFO er i pluss. Pengar sett av på fond for 2016 er ikkje henta inn ennå. Oppdatering av leikeutstyr til barnehage og SFO vil vera eit prioritert område. Det same vil fornying av pultar og stolar til klasserom vera.

Nesflaten oppvekstsenter

Eininga har eit underskot etter andre tertial Det vert lagt ut høgare bemanning enn tildelt for hausten, noko som syner att i overforbruket. Dette oppdaga me for seint til å kunne hente det inn. Dei fire første månadane har lærarar fått kompensert litt ekstra for å ha ansvar for dagleg drift då einingsleiar sa opp

frå januar. I tillegg vil ein ha utgifter grunna overlapping i stilling. Det vert i første tertialrapport kompensert med 0,2 million. Ny einingsleiar var på plass frå 1. mai.

Sand barnehage

Eininga har eit underskot etter andre tertial Det er sendt krav til Introsenteret om eingongstilskot /integreringstilskot og vedteke bruk av introfondet til engasjementstillingar /ekstraressurs til flyktningeborn i barnehagen. Samla refusjon og bruk av fond om lag 0,5 million.

Det manglar og sjuke- og fødselspengar for juli og august, om lag 0,1 million.

Tek ein omsyn til dette har eininga eit overskot etter andre tertial på 0,4 million.

Vinjar barnehage

Eininga er i balanse ved andre tertial, men har eit overskot som ikkje kjem fram av rapporten. Dette skuldast blant anna lønsutgifter på ca. 0,2 million til engasjementstilling som skal refunderast frå Introfondet.

Tilretteleggingsmidlar som skal dekkast opp for vikarutgifter etter at eit personal har teke vidareutdanning. Refusjon for vikarutgifter i samband med fast personal som deltek på politiske møter og refusjon for lærlingeløn. I tillegg har me eit lite overskot på matpenger som skal setjast på matpengefond.

Gullingen leirskule

Eininga har overskot etter andre tertial Dette kjem av at ein har halde att litt av ressursen frå lærarstillingar i permisjon utan løn og at ein har motteke om lag 0,2 million meir i refusjon frå kommunar.

Introsentert i Suldal

Eininga har overskot etter andre tertial. Dette kjem av at inntektene er høgare enn budsjettert, grunna at alle som skal busett i 2017, blei busett i løpet av mars. Tilskotet for dei busette er inntektsført. Tidlegare har ein fordelt busettingane utover året.

Barnevern

Eininga har eit underskot etter andre tertial I budsjettarbeidet vart det lagt inn nedtrapping på enkelte tiltak, men dette har ikkje lete seg gjennomføre. Det er vanskeleg å kunne forutsjå alle utgiftene til barnevernsarbeidet. Det er kome til fleire nye tiltak i 2017 som ein ikkje var kjend med når budsjettet vert lagt.

Nye tiltak saman med at nedtrappinga ikkje har blitt slik som forventa gjer at ein i andre tertialrapport føreslår at barnevern vert tilført 0,7 million.

Frå 1. september vert alle tilsette og oppdragstakarar overført til Sauda kommune.

HELSE OG OMSORG

NAV

Eininga har overskot etter andre tertial. Det er motteke 0,8 million i Husbanktilskot, det meste av midlane er unytta. I tillegg er det lønsmidlar att som skal nyttast til kjøp av tenester frå staten (prosjektstilling). Krav er ikkje motteke frå staten.

Suldal sjukeheim

Eininga har eit underskot etter andre tertial. Det er uteståande 0,4 million i brukarbetaling/matpengar heimebuande. Det er ikkje inntektsført sjuke- og fødselspengar for juli og august, dette utgjer om lag 0,4 million.

Då gjenstår om lag 0,2 million i underskot. September blir ein dyr månad med tanke på løn, då det er utbetaling av løn ferievikarar, samt at dei som har tatt ekstra helger i sommar får bonusen sin for det. Dei tre siste månadane av året er det ingen høgtidstillegg eller slike bonusar som skal betalast. Det meste av ferie er avvikla, og lønsutgiftene er difor noko mindre desse månadane.

Det er vakante sjukepleiarstillingar på natt, i tillegg er mange sjukepleiarar ute i permisjonar. Det har vært naudsynt å bruka vikarbyrå for å dekkje natt, og det vil ein ha behov for resten av året, for å ha ei forsvarleg drift.

Sjølv om ein har hatt noko ledige rom, har det vore vanskeleg å spara mykje på innleige. Det at me har måtta bruke vikarbyrå fordyrar. I tillegg har det vært tidvis store faglege utfordringar, med krevjande samansette hjelpebehov hjå brukarar, samt aggresjonsproblematikk.

Me held igjen på utgifter der me kan, og ein har håp om å være i balanse ved årsslutt.

Sand bu- og omsorgssenter

Eininga har eit overskot etter andre tertial. Me reknar med å halda oss innanfor budsjettet ved årsslutt.

Jelsa bu- og omsorgssenter

Eininga har eit underskot etter andre tertial. Underskotet kjem av mindre brukarbetaling/husleigeinntekter enn budsjettet, høge lønsutgifter og manglande refusjon sjuke- og fødselscenter med om lag 0,2 million. Det er 5 ledige bustader no (9 av 14 rom i bruk), men eininga ser størst tap innan praktisk bistand og matsservering. Jobbar med tiltak for å redusere bemanninga ytterlegare, men bemanninga er knapp i utgangspunktet, så det er lite å hente inn der. Eininga vil difor mest sannsynleg gå med underskot i år grunna manglande inntekter.

Vinjar bu- og omsorg

Eininga har eit underskot etter andre tertial. Underskotet kjem av mindre inntekter enn budsjettet og ekstra bruk av vikar i høve budsjettet.

Eininga har hatt 5-6 ledige rom. Det har vore leiga ut dei fire stengte romma til flykningar. Frå mars er der ingen leigeinntekter. Frå Statens vegvesen har me leigeinntekter til ut juli.

Att desse leigeforholda tek slutt fører til mindre inntekt enn budsjettet resten av året. VBO kjem til å få manglende inntekter på grunn av tapt husleige, praktisk bistand og utgifter til straum når det gjeld ledige rom/leiligheter.

Suldal bu- og aktivitetstilbod

Eininga har eit underskot etter andre tertial. Dette skuldast at budsjettet sum til kjøp av teneste i anna kommune vert lagt inn med fordeling på tolv månadar, i staden for på sju månadar.

Tek ein omsyn til dette har eininga eit overskot etter andre tertial på 0,3 million.

BYGDEUTVIKLING, KULTUR OG TEKNISK DRIFT

Bygdeutvikling

Eininga har overskot etter andre tertial. Mange utgifter/inntekter er ikkje jamt fordelte over året. Det kan sjå ut til at det er noko mindre byggeaktivitet, dette kan gi mindre gebyrinntekter både for byggesak og oppmåling, men det er usikkert. Elles ikkje noko spesielt å rapportera.

Kultur

Eininga har overskot etter andre tertial. Kultur ligg godt i løypa for året. Det er underskot på drifta på kulturhus og bowling, men overskotet på kino reduserer dette til om lag 0,1 million. Dette kan svinga til pluss, eller forsterka seg. Dessutan ligg det ein del arbeid og reparasjonar i dette - og i vente - som me har avsette fondsmidlar til frå overskot tidlegare år. Det har tatt svært lang tid å få fullført desse prosjekta, mellom anna alarm/dørdisplay og teleslynganlegg i hovudsal. Hovudårsaka er vanskar med å få tak i rette fagfolk og leverandørar.

Vakanse i stillingar gjer at me klarer å gjennomføra stillingsreduksjonane frå 1. august, men det er ei midlertidig løysing.

Dei faste driftstilskota er fordelte, men det er framleis att nokre tilskotsmidlar å fordela til aktivitetar og tiltak til frivillige og andre. Det store underskotet i hallane rettar seg når husleiga og refusjonar kjem inn.

Teknisk drift

Eininga har overskot etter andre tertial. Teknisk drift ligg godt an i forhold til budsjett slik rapporten syner, men som tilbakemeldinga under syner er det ein del store faktura som ikkje er motteke for utført arbeid.

TILBAKERAPPORTERING PÅ EKSTRA VEDLIKEHALDSMIDLAR

Prosjekt	Budsjett kroner	Tid for utføring	Status
Nesflaten skule - yttervegg gymsal Det bør gjerast utbetringar på den eine ytterveggen på gymsalen på Nesflaten. Kledning og vindauge må skiftast pga roteskader, og det vert då anbefalt å etterisolere samtidig. ENØK-tiltak.	200 000,-	Mai/ Juni	Ferdig utført Ventar på faktura
Kommunestyresalen Kommunestyresalen har trong for ei oppgradering. Det er allereie foreslått å skifte ut ein del IT-utstyr, og det bør i same omgang skiftast vindauge, som vil vera eit ENØK-tiltak, måla og gjere ei generell oppussing. Vidare bør også toaletta gjerast universelt tilgjengelege på ein betre måte.	300 000,-	Juni/ Juli/ August	Ferdig utført Ventar på fakturaer
Skifte vindauge kontorbygg Garaneset Bygget har gamle vindauge som også inneheld PCB. Fullstendig utskifting til vindauge med solfilter vil vera eit godt ENØK-tiltak	450 000,-	Haut/ Vinter	Har fått god pris på vindauge. Vindauge sett i bestilling, ikkje fått faktura. Avdekka asbest - må be om pris på sanering.
Sjukeheimen, skifte til LED lys og ny himling i korridor Dette vil gi ein lysare og triveligare korridor, samt redusera straumforbruk med LED-belysing. ENØK-tiltak.	250 000,-	Sommar/ Haut	Ferdig utført
Fortsette oppgradering av Randåsen	400 000,-	Haut 17	Få inn pris på vindauge. Ny

Det står igjen utbetring av ei avdeling, elles er det gjennomført oppgradering på dei andre avdelingane. Det kan også gjennomførast utskifting av alle vindauge pga alder, som vil vera eit ENØK-tiltak			himling, nytt golv, male vegger.
Erfjord skule, skifte vindu. Ein del av vindauga er frå 1980 og inneheld PCB. Vil vera eit godt ENØK-tiltak.	150 000,-	Juli	Ferdig utført
Fjellsikring av vegskjæringar på Sand og Suldalsosen Det er utført geologisk vurdering av Risa i «Skulebakken» på Sand og Kariåsen, Suldalsosen. På begge desse stadene er det ein rapport som angir omfang av bolting/sikring. Dette gjeld gangveggar der det går etter måten mykje ungar og vaksne.	550 000,-	Juli/ August	Ferdig utført Ventar på faktura
Grøfterensk og asfaltering av Generalvegen, Foldøy Veg som er prega av lite vedlikehald som følge av lite trafikk, men ei oppgradering her vil gi god veg i mange år framover	900 000,-	August/ September	Ferdig utført Ventar på faktura
Utskifting av brurekkverk, Blåsjøvegen Dette gjeld Heiabekken bru og Nedre Moen	750 000,-	August og September	Ventar på fleire prisar.
Skilting og diverse	300 000,-	August og September	Monterer sjølv, bestiller etter behov. Kjøpt inn markørskilt til tunnel (23000 kr). Det er også sett opp fleire skilt inn langs vegen
Utskifting av sluseventilar, Sand og Jelsa Ein del av sluseventilane i vasskummane er 40 år, og vil då naturleg nok vera prega av alder og tæring. Ved behov for stenging av vatnet er det ikkje sikkert det er mogleg å opne/stenge. Dette gjeld spesielt i dei eldste byggefelta på Jelsa og Sand.	800 000,-	Frå og med August	Fått inn prisar på utskifting - ca pris på 30 - 40000 kr pr kum. Eit par av kummane vert dyrare (80 - 100') Oppstart etter ferien
	5 050 000,-		

TILBAKERAPPORTERING PÅ EKSTRA MIDLAR UTEOMRÅDE SKULE OG BARNEHAGE

Prosjekt	Budsjett Kroner	Tid for utføring	Status
Løyvde midlar til fallunderlag barnehage			Overført sum kr. 219 520,-
Sand barnehage, avd. Randåsen	10 000,-	Oktober	Bestilt
Kjølvikstølen barnehage	68 000,-	Oktober	Bestilt
Nesflaten oppvekstsenter	10 000,-	Oktober	Bestilt
Vinjar barnehage	110 000,-	Oktober	Bestilt
Sand barnehage, avd. Joagarden	6 000,-	Oktober	Bestilt
	204 000,-		
Rest overført løyving frå 2016			Overført sum kr. 500 000,-
Sand skule, fallunderlag	140 000,-	November	Kjøpt inn
Erfjord skule, sandkasse	50 000,-	Oktober	
Sand barnehage, avd. Joagarden, Trampoline	85 000,-	Oktober	Kjøpt inn
Vanvik oppvekstsenter, Trampoline	50 000,-		Kjøpt inn
Sand barnehage, avd. Randåsen, Vippe	10 000,-		Kjøpt inn
Stølane barnehage, sandkasse og klatrestativ	115 000,-	Oktober	Kjøpt inn og montert klatrestativ
Nesflaten oppvekstsenter, sandkasse	20 000,-		
Teknisk drift, betong, armering og festemiddel	20 000,-		
	490 000,-		

Kort oppsummert, sjølve drifta

	Kroner
Meirutgifter:	
Barnevern	700 000,-
Mindre utgifter	
Seniorpolitikk	900 000,-
Skuleskyss	400 000,-

Skatt og finans

Bruk av Konesjonsavgiftene pr. andre tertial

Næringsutvikling 1,4 millionar – lagt til formannskapet

- Ikkje nytta midlar så langt i 2017.
- Ikkje vore aktuelle prosjekt.

Eitt døgn ekstra i Suldal – 0,5 million

- Her er nytta midlar for å tilretteleggja Fossheim som ny turistinformasjon.
- Det er avsett midlar til oppgradering av heimesida til reiselivet.
- Det er avsett midlar til diverse skilting.

Ny industri – 1,0 million

- Her er nytta midlar som tilskot til Ryfylke IKS i datasenterarbeidet.
- I tillegg er det nytta midlar for å kartleggja Skogadn-området for same føremål.
- I tillegg er det bestilt eit arbeid for å laga eit presentasjonsprospekt slik at ein enkelt kan «presentera og selja» Skogadn-området om aktuelle interessentar dukkar opp.

Sal av konsesjonskraft 1. og 2. tertial (heile tusen)

År	1. tertial	2. tertial	Sum 1. og 2. tertial	Sum årsrekneskap	Reg. årsbudsjett	Prognose
2011	16 389	5 855	22 244	27 581	17 000	
2012	7 315	1 425	8 740	14 756	14 250	
2013	10 063	4 219	14 282	22 015	18 900	
2014	5 203	1 941	7 144	12 336	16 550	
2015	5 416	71	5 487	8 449	10 100	
2016	4 223	2 566	6 789	13 425	13 425	
2017	7 266	3 175	10 441		11 000	17 100

Nivå for 2017 ser pr. i dag ut til å bli 17,1 millionar (september – desember vert då lik som 2016).

Dvs. meir inntekt ved årsslutt om lag 6,1 millionar.

Vedtak i kommunestyret, sak 95/16. Gevinst ved sal av konsesjonskraft utover 11 millionar skal først nyttast til å erstatta fondsbruken i budsjettet inntil denne er dekkja opp. Fondsbruken utgjer 4,760 millionar. Inntekter utover dette skal nyttast etter kommunestyrevedtak 80/14 og 130/15.

I andre tertialrapport vert det føreslått redusert bruk av disposisjonsfond med 4,760 millionar mot auke i sal av konsesjonskraft med 4,760 millionar.

Skatt forskottspliktige og etterskottspliktige (= naturressursskatt) (heile tusen)

	1. tertial		2. tertial=		Sum 1. og 2. tertial		Sum årsrekneskap	Reg. årsbudsjett
	Forskot.	Ettersk.	Forskot.	Ettersk.	Forskot.	Ettersk.		
2013	25 655	44 903	26 396	968	52 051	45 871	129 670	132 000
2014	25 530	44 685	27 864	36	53 394	44 721	128 926	131 500
2015	25 943	44 296	28 487	-7	54 430	44 289	135 306	133 800
2016	27 725	41 169	30 493	383	58 218	41 552	141 024	134 800
2017	28 263	46 770	31 873	211	60 136	46 981		139 800

Samla skatt noko over budsjettet. Forskottspliktige er i tråd med budsjettet. For etterskottspliktige samla for året ligg ein etter budsjettauken i 1. tertial på 2 millionar om lag 1 million over budsjettet. Det er vanleg å få noko trekk i løpet av hausten, slik at etterskottspliktige ved årsslutt vert i tråd med regulert budsjett.

Rammetilskot (heile tusen)

År	1. tertial	2. tertial	Sum 1. og 2. tertial	Sum årsrekneskap	Reg. årsbudsjett	Prognose
2013	36 799	23 471	60 270	98 841	96 354	
2014	39 614	28 501	68 115	110 159	106 354	
2015	39 901	27 787	67 779	107 715	107 375	
2016	40 904	30 756	71 660	112 780	111 858	
2017	40 903	28.334	69 237		112 907	111 907

Her må ein sjå rammetilskot og skatt saman. Me har fått meir skatt etterskotspliktige enn budsjettert, her reknar ein med noko trekk i haust, men samla får ein auke i skatt etterskotspliktige. Dette gir reduksjon i rammetilskotet.

Samla for heile året reknar ein med at rammetilskot vert 1 million under det som er budsjettert.

Eigedomsskatt

År	1. tertial	2. tertial	Sum 1. og 2. tertial	Sum årsrekneskap	Reg. årsbudsjett	Prognose
2013						
2014				114 787	116 900	
2015				114 738	114 500	
2016				118 683	118 683	
2017	53 955		53 955		102 800	105 800

Me får eigedomsskatt i frå kraftverk, nettanlegg og andre (Norsk Stein med fleire)

- Kraftverka: I budsjettet for 2017 meldte me om ein vesentlig nedgang i eigedomskatteinntektene. Verdien på kraftverka gjekk ned grunna lågare kraftpriser, høgare kostnader og høgare grunnrenteskatt (som kjem til frådrag i eigedomskatten). Kraftverkskatten vil koma ut som budsjettert i år, men grunna høg produksjon i Statnett sine anlegg reknar med me at situasjonen vil sjå litt betre ut neste år.
- Nettanlegg: Verdien på Engelskabelen og Saurdal Trafostasjon har taksator vurdert høgare enn budsjettert i 2017 (anlegg under bygging). Statnett vann ei sak i Høgsterett i sumar om korleis taksere linjenettet. Me må gå i frå progressiv til lineær avskrivning av gamle linjer. Den nye takstmetoden vil redusere takstverdien på nettanlegga i 2017. Me har, saman med andre kraftkommunar, engasjert Lund og Co til å vurdere alle juridiske forhold i Statnett-dommen og for å samkøyre takstpraksis på tvers av kommunegrensar. Dette for å unngå klagesaker i framtida. Statnett har signalisert at dei vil klage på taksering av trafostasjonane neste år, då dei meiner at dommen og får innverknad på desse takstane. Det er eit av mange forhold som Lund og Co vil sjå på.
- Andre: Inga store endringar.

Prognosen tar høgde for at verdien på nettanlegga blir mindre. Det vert i tertialrapporten føreslått ein auke i budsjettet med 3 millionar.

Renteutgifter / renteinntekter

Renteutgifter / renteinntekter er samla i tråd med budsjettet.

Ulla Førre Næringsfond

Opphavleg budsjett 2017: 3 millionar

Auke i første tertialrapport 2017: 3 millionar

Rest etter søknadsfrist pr. 1. mai 2017: 1,805 million

Ekstra innbetalingar utover budsjett så langt i 2017: 4,84 millionar

Ekstra kapitalbehov etter rådmannen si vurdering av søknader pr. 1. september er 1,2 million

Det vert i tertialrapporten føreslått ein auke i budsjettet for støtte/utlån med 1,5 million.

Kort oppsummert:

Auke i utgiftene til barnevern med 0,7 million

Reduksjon i utgifter til skuleskyss med 0,4 million

Reduksjon i utgifter til seniorpolitikk med 0,9 million

Auke i inntekter eigedomsskatt med 3,0 millionar.

Reduksjon i rammetilskot med 1 million.

Dette gir

Auka overføring til investering med 1,3 million

Auka avsetjing til disposisjonsfond 1,3 million

Redusert bruk av disposisjonsfond med 4,760 millionar mot auke i sal av konsesjonskraft med 4,760 millionar.

Auke Ulla Førre Næringsfond, støtte med 1,5 millionar mot same auke i innbetalte ekstraordinære avdrag.

Investering

Sjå eigen rapport og oversyn.

Eigenkapitalinnskot KLP (1.901.01)

Den 16. juni mottok ein brev frå KLP med krav om innbetaling av eigekapitalinnskot på kr.

1 504 465,-. Dette kravet er kr. 204 465,- høgare enn det ein har budsjettert med. Ein rår til at dette vert finansiert ved overføring frå drift.

Utlån Husbankmidlar

Det er i 2017 budsjettert med utlån Husbankmidlar på 5 mill. kr., pr. 2. tertial er det låna ut 2,463 mill. kr..

Innløysing av festetomter

I k-sak 029/17 vedtok kommunestyret å gi tilbod om innløysing av festetomter. Prisen vert sett til kr. 27,- pr. kvm. fram til 31.12.2017. I tillegg står det i punkt tre i saka «Festarane skal ta alle utgifter ved kjøpet, men i same periode avstår kommunen frå dei kommunale avgiftene som kommunen normalt krev inn for handsaminga.»

(Pr. listedato har 76 av 104 takka ja.)

Våre inntekter	
Sal av tomter / refusjon frå kjøparane (statlege gebyr)	
Sal av tomter	kr. 2 070 000,-
Refusjon gebyr staten(matrikkel,skøyte, dokumentavg.)	<u>kr. 470 000,-</u>
Samla inntekt/refusjon	<u>kr. 2 540 000,-</u>
Våre utgifter	
Gebyr matrikkel, skøyte,dokumentavg.(staten	Kr. 470 000,-
Kom.gebyr, frådeling, oppmåling, sakshands.	<u>Kr. 3 215 000,-</u>
Samla utgift	<u>kr. 3 685 000,-</u>
Manglande finansiering	<u>kr. 1 145 000,-</u>

Ein rår i andre tertialrapport til at dette vert finansiert ved overføring frå drift.

Avslutning av prosjekt

Då prosjekt 4.046.01 Reguleringsplan Erfjord og prosjekt 4.052.01 Skjerahaug bustadfelt vert å sjå under eit, vert prosjekt 4.046.01 avslutta og løyving kr. 300 000,- overført til prosjekt 4.052.01.

Prosjekt som er avslutta i 2017	Budsjett	Rekneskap	Avvik (R-B) Negativ er mindre forbruk	Kommentar
2.019.01 Opprusting Vinjar skule	49 928 798,54	49 938 006,79	9 208,25	Prosjektet er slutført med div. utvendige tiltak.
3.013.02 Ombygging 2. etasje Helsetunet	0,00	30 713,00	30 713,00	Prosjektet vart avslutta ved årsslutt 2016. Noko elektroarbeid og forseinka fakturering av kvitvarer frå Ryfylke Bok & IT er bokført i 2017.
4.015.10 Austmannsvegen Sand, Kjøp av leilighet 1	1 814 670,00	1.829.670,00	15 000,00	Tillegg til kontrakt med innvendige lys er bokført i 2017
4.015.11 Austmannsvegen Sand. Kjøp av leilighet 2	1 814 670,00	1 829 670,00	15 000,00	Tillegg til kontrakt med innvendige lys er bokført i 2017
4.035.01 Sandsfossen/Fossheim, planlegging	300 000,00	0,00	- 300 000,00	Reguleringsplan vedtatt. Arbeidet utført i eigen regi. Ikkje bokførte kostnader.
6.002.01 Sand vassverk, opprusting	300 000,00	191 320,00	- 108 680,00	Kan avsluttast, då det er oppretta nytt prosjekt for nytt vassverk Sand
6.011.01 Kloakkrenseanlegg Bogsfjorden	5 793 912,20	5 793 912,20	0,00	Gjenverande midlar i prosjektet på kr. 321.327,30 er budsjettregulert for styrking av budsjett for prosjekt 6.011.02, VA-anlegg Bogsfjorden
6.050.01 VA-anlegg Nordenden, Sand. Prosjektering	300 000,00	1 620,00	- 298 380,00	Prosjektet vil ikkje bli gjennomført som eiga prosjekt. Aktuell del av prosjektet vil inngå i prosjekt 6.041.01, Kloakkrenseanlegg Sand
6.057.01 Ny brannbil Jelsa	1 250 000,00	1 250 000,00	0,00	Kjøp gjennomført
7.059.01 Mork bru	1 300 000,00	897 957,00	- 402 043,00	Prosjektet er ferdig gjennomført
Mindre nytta			-1 039 181,75	

Budsjettert sal av fast eigedom vert redusert med same summen kr. 1 039 181,75.

Plassering

Aktiva fordelt på forvaltar og klasse. Verdi = Marknadsverdi.

Forvaltar	Verdi 01.01	Verdi 31.08	Avkastning i %	Benchmark
Bergen Capital Management				
Bankinnskot	4 829 653	2 222 357		
Aksjar	18 689 871	18 077 969	4,7	2,7
Obligasjonar	80 263 300	86 948 262	0,9	0,6
Sum	103 782 824	105 718 497		
Sparebank 1 SR-Forvaltning				
Bankinnskot	285 681	540 254		
Aksjar	7 866 241	8 427 248	3,95	2,7
Sum	8 151 922	8 967 502		
Totalt	111 934 746	114 117 722		

Avkastning

Gjennomsnittlig avkastning på aksjar og obligasjonar andre tertial var på 3,82 %. Bankavtalen har i same periode gitt ei avkastning på 2,06 %. Gjennomsnittlig avkastning i aksjar er 9,61 %, mens ein på obligasjonar har hatt ein avkastning på 1,61 %. Dette gir netto ein avkastning på om lag 2,2 millionar. Suldal kommune har budsjettert med 1,5 millionar i kursavkastning. Referanseindeksen har ein avkastning på 6,8 % for aksjar, og 1,1 % for sertifikat/obligasjonar. Samla gjev referanseindeksen ei avkastning på 2,3 %.

Stresstest

Ein reduksjon i aksjemarknaden på – 30%, og auke i rentenivå på 2% vil medføre ein endring i verdien på 9,012 millionar. Rente-/kurs-regulering fond er pålydande 10,6 millionar

Risikorammer

Det er ingen avvik mellom risikorammer og faktisk forvaltning. Av den totale portefølje er 2,38 % plassert i bank, 74,82 % i risikoklasse 2 (sertifikat/obligasjonar), og 22,80 % i risikoklasse 5 (aksjer). Grensa er 100% for risikoklasse 2 og 50% i risikoklasse 5.

Opptak av lån

Långjevar	Gjeld 01.01	Gjeld 31.08	Rente i gj.snitt pr 31.08 i %	Ant lån
Husbanken	4 391 100	4 020 600	1,31	4
KLP	50 586 600	98 092 075	1,47	4
Kommunalbanken	219 404 560	209 017 880	1,51	13
Totalt	274 382 260	311 130 555	1,49	21

Ingen lån har rentebinding.

Det er tatt opp eit nytt lån i perioden på 49,492 millionar.

Differansen mellom gjennomsnittlig innskot i bank og låneopptak er nå negativ med 86,7 millionar.

Ein endring på 1% i rentenivå vil redusera netto finansresultat med 0,867 million.

Anna tilbagemelding

Om tenesteområda

Her har me trekt fram noko av det som har skjedd i einingane hittil i 2017

Fellestenester

Fellestenestene er nå splitta opp i 3 avdelingar: Servicetorget, Løn- og personal og kommunekassa.

Stortingsvalet for 2017 er gjennomført. Det har vore nytta mykje ressursar spesielt frå servicetorget men og frå løns- og personalavdelinga i gjennomføringa.

Oppvekst

Endring i brukarbetaling barnehage:

Nasjonalt ordning med gratis kjernetid 3-, 4-, og 5-åringar med utsatt skulestart, som bur i hushald med lav inntekt har rett på 20 timar gratis kjernetid i barnehage. Denne vart 1. august 17 utvida frå inntektsgrense 417 000 til 450 000 samla inntekt. Det betyr at det er fleire i Suldal som vil ha rett på 20 timar gratis barnehage i veka.

Ny forskrift om pedagogisk bemanning i barnehagar 1.august 2017 vart det fastsatt teljemaate for korleis ein skal telja barn i barnehage i samband med pedagogisk bemanning. Barn som blir 3 år skal teljast som 1 plass frå august det året dei blir 3. I Suldal betyr det at barnetalet stig vårhalvåret då barn som tidlegare blei telt som 1 plass no skal teljast som 2 plassar. Dette kan utløysa behov for fleire pedagogar enn tidlegare.

Erfjord skule

Skulen fekk 10 elevar i frå Jøsenfjorden (Hjelmeland kommune) i frå 01.08.2017.

Introsenteret

Kommunen busette 19 flyktningar i februar-mars 2017. Etter dette har me ikkje hatt nye busettingar, og heller ikkje familiegjenforeiningar.

Introsenteret har gjennomført «sommar-intro». Det har vore tre veker og ein dag med introduksjonsprogram medan skulen og lærarane hadde sommarferie

Nesflaten oppvekstsenter

Noverande einingsleiar starta i stillinga 1.mai 2017. Det har vore formell opning av den nye skulen.

Sand barnehage

Sand barnehage er den barnehagen med flest minoritetsspråklege. No har barnehagen 81 barn kor 32 barn er minoritetsspråklege (39%). Barnehagen fekk 6 nye born frå flyktningefamiliar i løpet våren. Eininga fekk ekstraressursar for å hjelpe barna i oppstarten. Me har gode erfaringar med at minoritetsspråklege barn får ekstra støtte og hjelp.

Det vart søkt om barnehageplass for 6 barn **etter** søknadsfristen for oppstart våren 2017. Det vart gitt avslag grunna for lite bemanningsressurs til å ta i mot dei. Dei vart tekne med i neste opptak. 2 av barna byrja i ein annan barnehage, men søkte seg over til Sand frå august.

Gullingen leirskule

Belegget på leirskulen er bra og det ser bra ut framover.

Eininga har fått flytebryggje på Mosvatnet som vil bli tatt i bruk i løpet av veke 35. Dei har og kjøpt inn 4 nye robåtar.

Vinjar skule

Noverande einingsleiar byrja i stillinga den 1.8.2017.

Eininga har nokre store utfordringar når det gjeld elevar med særskilte behov. Utfordringa har bl.a. vore knytta til ressurs og kompetanse til å handtera dette på ein god måte.

Vanvik oppvekstsenter

Noverandre einingsleiar har slutta. Ny leiar kjem 1. desember. Fram til då vil noverande einingsleiar ha ansvar for oppvekstsenteret, kombinert med jobben som inspektør på Sand skule.

Indre Ryfylke PPT

Frå 1.mars 2017 var interkommunalt samarbeid med Sauda i gong (vertskommunesamarbeid). Tenesta heiter nå Indre Ryfylke PPT. Eininga vil ligge under Suldal kommune.

Barnevern

Frå 1. september 2017 er interkommunalt samarbeid med Sauda i gong (vertskommunesamarbeid). Tenesta heitar nå Indre Ryfylke Barnevern. Eininga vil ligge under Sauda kommune.

Helse og omsorg

I høve folkehelse er det i 2017 sett inn tiltak for livsstilsretta arbeid, t.d røykesluttkurs, bra mat-kurs til innvandrarar og tilbod om fysisk aktivitet til eldre over 70 år. Arbeid med rusførebygging og utvikling av det psykososiale miljøet i skulane i Suldal inngår og som ein sentral del av folkehelsearbeidet i år. Vidare skal det settast inn tiltak som reduserer sosiale skilnadar i fritidsaktivitetar og i skulen. Rekruttering og synleggjering av lokale lag og organisasjonar i høve aktivitet er og eit av tiltaka.

Suldal sjukeheim

Det har vært noko svingande belegg i somatisk avdeling. Det gjer det vanskeleg å planlegge i høve vikarinneleige.

Suldal Bu- og aktivitet

Det var oppstart av ny avlastingsbustad 1.august.

Foreløpige planteikningar over tilbygg for avlastning ved Suldal dagsenter er nå komne for gjennomgang.

NAV

Partnerskapet mellom Sauda kommune, Suldal kommune og NAV Rogaland vedtok 31.08.2016 mandat for å utgreia vertskommunemodellen for vidare samarbeid mellom NAV Sauda og NAV Suldal. Vertskommunemodellen vart det ikkje nok av, men prosjektet held fram for å sjå på andre samarbeidsmodellar. Det skal vere felles leiar for Suldal og Sauda. Leiaren skal vere statleg tilsett. Målet er å få eit større og meir robust fagmiljø til beste for brukarar, arbeidsgjevarar

og tilsette. Det er semje om ny samarbeidsavtale mellom partane.

NAV/Intro

Totalt har 101 personar motteke sosialhjelp til no i år, av desse er 53 flyktningar med mindre enn 5 års butid i kommunen. 21 av mottakarane mellom 18 og 24 år av desse var 15 stk flyktningar med mindre enn 5 års butid i kommunen.

Bygdeutvikling, teknisk drift og kultur

Kultur

Idrettshallane er oppdaterte med nytt nøkkelsystem. Med dette har det blitt betre regulering og kontroll av bruk av mellom anna styrkerom og bruk i helger og feriar.

Kulturskulen starta med eit nytt tiltak i vår, Kulturskulefestival, som er meininga skal bli ei årleg hending. Målet er å visa att i heile kommunen, marknadsføra kulturskulen for nye elevar, og gi publikum generelt større kunnskap om kulturskulen og kva kunst og kultur betyr for barn og vaksne. Og sjølvsagt, spreia glede.

Teknisk drift

Eininga held på med mange prosjekt/investeringar i tillegg til den daglege drifta av kommunale bygg, eigedommar og infrastruktur. I 2017 så fekk eininga ei ekstraløyving på 5 millionar kr til 11 konkrete prosjekt. Dei har fått gjort mykje på kort tid (mai – september) og arbeidet vil fortsetje ut året. (Sjå tidlegare i rapporten)

Av andre forhold så kan me trekke fram at eininga har kjøpt inn 3 plenrobotar og at ny tankbil til Sand er bestilt. Eininga har gjort avtale med Rysteg om utføring av gartneroppgåver rundt om i kommunen.

Tilsyn

Her står det om eksterne tilsyn i dei to fyste tertiala, til døme tilsyn i frå fylkesmannen, arbeidstilsynet, mattilsynet.

Oppvekst

Sand skule

Sand skule har hatt tilsyn i Miljøretta helsevern. Alle avvika er lukka.

Vanvik oppvekstsenter

Det er gjennomført eit kommunalt tilsyn i barnehagen. Det blei avdekka ein del mindre avvik som me har fått pålegg om å retta opp i innan første halvdel av 2017. Desse er nå retta opp

Bygdeutvikling, teknisk drift og kultur

Teknisk drift

Mattilsynet har gjennomført tilsyn på fleire av høgdebassenga i kommunen. Tilsynet vart gjennomført utan avvik eller merknadar.

Det er gjennomført hovudtilsyn på leikeapparat, og avvik vert handtert av einingsleiar og vaktmester på den einkilde skule/barnehage, i samarbeid med Teknisk drift.

Avvik

Her finn du kommentarar knytt til avvik i forhold intern kontroll og rutinar.

Oppvekst

Introsenteret

Introsenteret har sendt fleire avvik som går på helse, både til helsetenester i Suldal og Helse Fonna. Dette går på manglande oppfølging, manglande bruk av tolk og andre situasjonar.

Vinjar barnehage

Det er framleis fleire tilfeller av insektet skjeggkre/ sølvkre. Eininga er i sporadisk dialog med Anitcimec om dette. Under tilsynet frå Miljøretta helsevern i 2015 vart det påpeika at golv og vegger i den eldste delen av bygget var slitt og hadde behov for ei oppgradering. Eininga meiner at det burde leggja til rette for oppgradering av dette om ikkje alt for lang tid.

Sand skule

Det er meldt inn avvik knytt til åtferd i klasseromma og utfordringar med å få IT-systemet til å fungere. Alle avvik er lukka. Det er sett inn tiltak i dei enkelte sakene.

Helse og omsorg

Helse

Det har blitt meldt inn 16 interne avvik kor 13 er vurdert som alvorleg/ganske alvorleg. Avvika er vurderte, behandla og resultert i tiltak (utført eller jobbast med).

Suldal sjukeheim

Det er nokre avvik i felles avviks-system, men mest i pasientjournal. Alle avvik er lukka, og ingen har ført til alvorlege skader. Det har vært eit par potensielt farlege situasjonar i høve utagerande pasient. Her er ulike tiltak sett inn, og situasjonen har vært roleg etterpå.

Bu- og Omsorgssentra (Sand, Jelsa og Vinjar)

Alle avvik er lukka og behandla. Avvika skyldast i hovudsak manglande utføring av rutinane. Sand Bu- og omsorg hadde eit alvorleg avvik som blei meldt til politiet i juni etter eit innbrot på medisinerrommet, der eininga blei fråstolen vanedannande medikament.

Eininga har iverksett fleire tiltak i etterkant av hendinga for å hindre at dette kan skje igjen

Suldal Bu- og aktivitet

I dette tertialet er det innmeldt 20 avvik (6 avvik gjeld skade/angrep på personal som klyp, bitt og slag, 14 avvik gjeld rutinesvikt, storparten gjeld signering av interne lister).

Barnevern

Ingen fristoversittingar/avvik ved gjennomgong av meldingar eller undersøkingar i første og andre tertial i 2017 som er rapportert til Fylkesmannen.

Ved halvårsrapportering var det eit barn som ikkje hadde oppdatert tiltaksplan, to barn i fosterheim som mangla det 2. tilsyn første halvåret i år, samt eit barn i fosterheim som mangla det 2. oppfølgingsbesøket første halvåret i år.

Bygdeutvikling, teknisk drift og kultur

Teknisk drift

Det blei registrert avvik etter tilsyn av Suldal Brann og Redningsvesen gjennomført av Arbeidstilsynet i 2016. Status:

- Brannstasjonar tilfredstiller ikkje krav til garderobeforhold, avtrekk og rein/skitten sone
 - ✓ Brannstasjon på Jelsa vert prosjektert og det vert lagt opp til finansiering (investering) med bygging 2018.
 - ✓ Midlar til planlegging av nybygg/ombygging på Sand og Suldalsosen er føreslått lagt inn i budsjett for 2018.
- Opplæring og fokus på HMS.
 - ✓ Felles øving med HMS som tema er planlagt oktober 2017
- Bruk av privatbil under utrykning er ikkje bra med tanke på forureining/brannklassar i private bilar. Det er ikkje plass til mannskapa i brannbilen på Suldalsosen.
 - ✓ Dette vil vere ein sak for Haugaland Brann og Redning IKS)

Tverrfagleg/sektorielt samarbeid

Her finn du kommentarar til nye eksterne og interne samarbeid.

Oppvekst

Vinjar barnehage

Arbeidet med BTI, Betre tverrfagleg innsats er i startgropa, og einingsleiar deltek i den kommunale arbeidsgruppa for dette prosjektet.

Sand skule og Nesflaten oppvekstsenter (ungdomsskulen)

Hausten 2016 var første semesteret (av tre) der skulen er med i den nasjonale satsinga Ungdomstrinn i utvikling. Satsinga har tre sentrale verkemiddel; skulebasert kompetanseutvikling, lærande nettverk og pedagogiske ressursar. Målet er å utvikle skulens samla kunnskap, haldningar og ferdigheiter når det gjeld læring, undervisning og samarbeid. Ein jobbar saman med felleskommunal utviklingsrettleiar og Høgskulen på Vestlandet for å nå målet. Vårt namn på satsinga er KLU (Klasseleiing i utvikling).

Sand skule

Skulen jobbar tett med PPT (Pedagogisk-psykologisk teneste), både gjennom utarbeiding av sakkunne vurderingar og til hjelp i konkrete elev/klasse- situasjonar. Politi, SLT og helse har vore og skal inn på skulen med førebyggjande tiltak i forhold til rus. Dette er ikkje noko enkelt hending, men noko som skal jobbast vidare med i ulike klassar og på ulike trinn jamnleg. Skulen har hatt samarbeid med NAV og ordninga «Arbeidspraksis i ordinær verksemd» Skulen har hatt fleire vellukka samarbeid med Introteneasta om språkarbeidsplass. Og skulen har eit godt samarbeid med Introteneasta om skulestart for nye flyktningar.

Gullingen leirskule

- Leirskulen har eit tett og godt samarbeid med Gullingen Turistsenter som står for vertskapsdelen på leirskulen.
- Tett samarbeid med om lag 50 brukarskular frå Rogaland og Sunn-Hordaland.
- Tett samarbeid med kommunalsjef og skulane i kommunen. Leirskulen har frå

2011 teke på seg å halde kurs for lærarar og førskulelærarar i livredning.

Helse og omsorg

Helse

Samarbeid på tvers av einingane er aukande, og nye prosjekt blir starta opp i haust. Kommunen har fått tildelt midler til «Palliasjon der me bur» (kreftkoordinator i samarbeid med helse, pleie- og omsorg), «kvardagsrehabilitering» (fysio-/ergoterapi og heimetenester), «skulehelsetenesta» (fysioterapi) og «ammekyndig helsestasjon».

Bu og omsorg (Sand, Jelsa og Vinjar)

Suldal kommune (helse/ omsorg) deltek i KS læringsnettverket «Gode pasientforløp», og har tett samarbeid med Helse Fonna, Tysvær, Haugesund, Bømlo og Stord. Felles satsingsområde er å betra kommunikasjonen mellom kommune og sjukehus, samt auka tilliten til kvarandre med mål om å betra kvaliteten på PLO- meldingane (innhald og bruk).

Tett tverrfagleg samarbeid mellom heimetenesta, fysioterapitenesta og ergoterapeutenesta er både viktig og bra for å kunne styrkje det førebyggjande arbeidet, og vil vidare bli eit satsingsområde. Andre tverrfagleg samarbeid mellom dei ulike instansane er og viktig for at me skal kunne skape gode «heimetenester» og psykiske helsetenester, og bør vera eit felles mål for alle instansane.

Barnevern

Eininga trekk fram samarbeidsområda som «Me bryr oss i Suldal – barn av rusfamiliar», KE, oppvekstteam og Haugalandsløftet, BTI samt interkommunalt samarbeid i samband med fagprogrammet til barneverntenesta og samling for barnevernsleiarar i Rogaland.

Bygdeutvikling, teknisk drift og kultur

Kultur

Kulturbåten som skal segla Ryfylke rundt i veke 41 lasta med kultur, er truleg ein grand finale på eit langt og godt samarbeid sju Ryfylkekommunar imellom. Rennesøy og Finnøy takkar snart av, og Forsand følgjer truleg også etter ut or Ryfylke. Dette samarbeidet har vore nyttig, inspirerande og

fruktbart på alle vis. Rest-Ryfylke kjem nok til å trekkja samarbeidet vidare på ein ny måte. Kultur samarbeider elles mykje med andre einingar og avdelingar i kommunen med arrangement, aktivitetar og tilrettelegging for andre sine aktivitetar.

Teknisk drift

Suldal Brann og Redningsvesen skal inn i Haugaland Brann og Redning IKS i 2018.

Brukar- / tilsettmedverknad

Her har med trekt fram enkelte ting som eininga arbeider med i forhold til brukar- og tilsettmedverknad.

Oppvekst

Barnehage (Sand, Vinjar, Nesflaten, Jelsa, Erfjord, Marvik, Vanvik)

Mange barnehagar har gjennomført Ståstadsanalysen, der personalet har svara på spørsmål i forhold til innhaldet i barnehagen. Resultatet av analysen tek me med oss i arbeidet med intergreringa av ny rammeplan for barnehagen.

Erfjord skule

Erfjord skule arbeider med måla oppgåvemotivasjon, relevant kompetanse og mestringsklima. Dette året vil dei arbeide med mestringsorientert leing.

Helse og omsorg

Helse

Brukarundersøkingar i avdelingane helsestasjon, fysioterapi og legekantor er ikkje gjennomført, men planlagt hausten 2017.

Barnevern

Barneverntenesta har hatt inne rettleiing med Elin Thosen, v/Perledyrkaren, med fokus på utfordringar i arbeidsmiljøet, kjenselsmessige prosessar i arbeidet med barnevernsakar, og i forhold til omstillingar fram mot det interkommunale samarbeid me skulle inn i. Dette er viktig for å få påfyll, motivasjon og inspirasjon i det viktige barnevernsarbeidet og er ei oppfølging av Faktor 10 om enn ikkje konkret i høve til punkta sett opp.

Suldal sjukeheim og omsorgssentra

I mai 2017 vart det gjennomført brukarundersøking for mottakarar av pleie- og omsorgstenester. Resultata er jamnt over svært gode, og brukarane verkar å vere godt nøgde med tenestene, men det er nokre moment som kjem til syne som det bør jobbast vidare med. Kommunen skal arbeida meir målretta mot å kunne tilby eit breiare tilbod av sosiale aktivitetar for å auka deltaking hjå institusjonsbebuarar. Vidare skal det jobbast med å framstille rutinar kring informasjon angående opplysning av kontaktperson og klagerettigheter i institusjon.

Kommunen skal skaffa legitimasjon til alle tilsette i omsorgstenestene, særleg heimetenestene skal bli prioritert her, då desse skal syne ID-kort når dei kjem heim til nye brukarar.

Brukarar av dagsentertilboda ynskjer å kunne påverka aktivitetstilboda ved dagsentra i større grad. Tiltak for å auka graden av brukarmedverknad og påverknad av aktivitetstilboda som brukarane får tilbod om i dagsentra bør prioriterast som ein del av dagsentertilbodet framover. Kartlegging av kva brukarane ynskjer av aktivitetar og av tilbodet i sin heilskap bør inngå som ei sentral del av drifta.

Kompetanse

Her kan du lese kurs og utdanningar som tilsette held på, og litt om kva kompetanse det er behov for framover.

Oppvekst

Introsenteret

To tilsette tar 10 stp i «Konflikthåndtering og relasjonsbygging i flerkulturelle kontekster» ved VID (Misjonshøgskulen). Ein tilsett tar «lese- og skriveopplæring for voksne» ved Lesesenteret i Stavanger. Framover har me stort behov for kompetanse i norsk som andrespråk, vaksenpedagogikk og lese- og skriveopplæring for vaksne. Det er og behov for kompetanse i å kartlegge minoritetsspråklege elevar med mistanke om lærevanskar. Det bør drøftast i kommunen kor denne kompetansen bør liggja.

Barnehage (Sand, Vinjar, Nesflaten, Jelsa, Erfjord, Marvik, Vanvik)

Fram i tid vil det verta behov for fleire barnehagelærarar, dersom ein skal imøtekomme regjeringa sitt ynskje om at 50% av bemanninga i barnehagen skal vera barnehagelærarar i 2020.

Nesflaten oppvekstsenter

Ei tilsett på skulen ble i vår ferdig med delar av eit studie i tysk. Ho skal fullføra dette våren 2018.

Ei tilsett i barnehagen held på å opparbeida seg nok praksis til å ta fagprøven som barne- og ungdomsarbeidar. Dette er ho truleg ferdig med innan årsskifte.

Det er vanskeleg å få tak i kvalifiserte vikarar.

Indre Ryfylke PPT

Leiar og ein rådgjevar har nyleg fått studieplass på eit nettbasert emne om mobbing i regi av Læringsmiljøsenteret.

Eininga ønskjer synspedagogisk kompetanse, dette gjerne i samarbeid med helse. Likeeins treng eininga kompetanse på fleirspråklege barn, systemarbeid og matematikkvanskar. På sikt treng eininga òg å styrkast på lese- og skrivevanskar.

Erfjord skule

Eininga hadde to lærarar som avslutta vidareutdanning i matematikk i juni. I haust

har eininga ein lærar som tek vidareutdanning i norsk.

Rekruttering av kompetente lærarar vert eit større og større problem, og då særleg i vikariat.

På sikt har eininga behov for kompetanse innan faga Naturfag, kroppsøving og kunst og handverk.

Sand skule

Dei nye kompetansekrava fører til at det blir eit større behov for vidareutdanning i norsk, engelsk og matematikk. Det er særleg matematikk ein har lite formell kompetanse. Ein person har tatt sin praksis i grunnskulelærarutdanning på Sand skule. Elles har skulen/kommunen trong for kompetanseteam som kan hjelpa lærarar til å meistra utfordringar i høve til elevar med omfattande hjelpebehov.

Vanvik oppvekstsenter

Oppvekstsenteret slit med å rekruttera nye gode, stabile og fagleg dyktige medarbeidarar. Men to av lærarane har vidareutdanna seg i løpet av dei to siste åra, innan engelsk og matematikk. Kompetanse for kvalitet og andre kompetansehevingsprosjekt er såleis verdifult for oppvekstsenter og vil bli ennå meir aktuelt i tida framover.

Jelsa Oppvekstsenter

Ein lærar gjorde seg ferdig med 30 studiepoeng i matematikk våren 2017. Det var siste del av til saman 60 studiepoeng. To fagarbeidarar, ein i barnehage og ein i SFO, vil ta ei kursrekke på 10 kveldar i spesialpedagogikk for fagarbeidarar. Dette blir gjennomført hausten 2017.

Vinjar skule

Ein tilsett er i gong med pedagogisk utdanning. Det er behov for meir kompetanse på elevar med spesielle sosiale/ psykiske utfordringar og utagerande elevar. Det er behov for meir samarbeid mellom fagarbeidarar og lærarar.

- I samarbeid med NAV har vi for tida to personar i ulik arbeidspraksis.
- Det er vanskeleg å dekke opp alle vaktene med nok kompetanse. Det er nettene som er vakante, og her er det vanskeleg å få sjukepleiarar til å søkje.
- Generelt er det vanskelegare å få ynskja kompetanse dess mindre

stillingane er, eller om dei ikkje er faste.

Helse og omsorg

Helse

Fleire medarbeidarar har fått auka kompetanse innan foreldrerettleiing (helsestasjon), fyrstehjelp ved sjølvordsfare (helsestasjon og legekontor) og legevaktsjukepleie (legekontor). Dei legane som ikkje er spesialist i allmenntmedisin er under utdanning. I haust og vinter vil det bli fokus på akuttmedisin for å imøtekoma krava i ny forskrift.

Suldal Bu- og aktivitet

Eininga har stadig behov for fagarbeidarar og fleire vikarar. Det er ønske om å kunne tilby heile/større stillingar for å behalda/få kvalifisert personale. Innføring av andre turnusordningar fks årsturnus kan vera ei løysing.

Suldal sjukeheim

- Ein sjukepleiar held på med master i helseetikk.
- Ein helsefagarbeidar har starta vidareutdanning i demens.

- Sju tilsette deltek i studiering ABC-demens.
- Det er jamleg internundervisning, delvis i samarbeid med heimetenestene.
- Det er oftast lærlingar i pleieavdelingane.
- I samarbeid med NAV har vi for tida to personar i ulik arbeidspraksis.

Bygdeutvikling, teknisk drift og kultur

Kultur

Det vil vera behov for kompetanse på sceneteknisk og typiske vaktmeisterstener. På bibliotek vil det truleg også bli behov, og me vurderer ulike løysingar på dette i samband med driftstilpassing og reduksjonar av årsverk.

Teknisk drift

Eininga har utdanna tre av utrykningsleiarane i BER1 kurs. Det var to frå Sand og ein frå Suldalsosen. Dette er eit omfattande og kostbart kurs som går både på samlingar og eigenstudium. Dette gjere våre leiarar betre rusta til å takle dei situasjonane som ein kan komme oppi, og samtidig dele den kompetansen dei får gjennom kurset til andre mannskap. Det blir ei utfordring i åra som kjem å ha ressursar nok til rekruttering og nytilsette.

Sjukefråvær/arbeidsmiljø

Her oppsummerer me korleis einingane ligg ann i forhold til sjukefråvær og arbeidsmiljø.

Område	31.12.2015	30.04.2016	30.08.2016	31.12.2016	30.04.2017	31.08.2017
Fellestenester	10,9	8,0	8,2	8,7	11,6	8,7
Oppvekst	8,5	7,8	6,6	7,0	9,0	6,1
By, teknisk og kultur	5,7	4,7	4,3	3,3	4,6	4,3
Helse og omsorg	9,7	7,9	7,7	8,5	9,6	8,0
Totalt	8,7	7,3	6,8	7,1	8,8	6,9

Fig: Sjukefråvær i % per område og totalt i Suldal kommune

Sjukefråværet er fortsatt høgt, men det er gledeleg nedgong i frå fyste tertial. Målet er å kome under 6%. Nedanfor følgjer ei oppsummering av innspela i frå einingane.

Fellestenester

Fråværet er for det meste langtidsfråvær (svangerskap, operasjon). Det er ikkje meldt om arbeidsmiljørelatert fråvær.

Helse og omsorg

Helse

På legekantoret har det dei fyrste åtte månadane blitt leigd inn fire vikarlegar (grunna permisjon og sjukdom). På grunn av sjukdom har det blitt noko omfordeling av arbeidsoppgåver blant øvrige helsepersonell, samt innleige av vikar på enkeltdagar. Frå juni av har det blitt noko redusert opningstid på legekantoret for å disponera ressursar på ein betre måte. Det gir ikkje redusert tilbod til pasientane då det i større grad er mogleg å kommunisere elektronisk med legekantoret.

Bu- og omsorgseiningane (Sand, Jelsa og Vinjar)

Sjukefråværet er høgt på Sand og Jelsa grunna langtidsjukemeldingar, som skyldast helsemessige orsakar. Einingane har fokus på dialog og tilrettelegging. På Jelsa blir arbeidsmiljøet påverka av «framtidens omsorg» og usikkerhet om kva som vil skje me arbeidsplassene på Jelsa. Samarbeidet mellom psykisk helse og heimesjukepleien på Sand fungerer bra.

Suldal Bu- og aktivitet

Det har vore og er fleire langtidsjukemeldingar, desse er grunna i eigen helsesituasjon og ikkje knytt til arbeidsmiljøet. Området har ein personalmasse som har vore

den same over mange år, og dei ulike husa melder om eit trygt og godt arbeidsmiljø.

Suldal sjukeheim

Det er sju tilsette ute i morspermisjon. Året, og særleg sommaren, har vore komplisert med sjukemeldingar blant leiarane. Av ulike grunnar har alle dei tre leiarane vore sjukemelde til tider, og i ein periode samstundes.

Oppvekst

Introsenteret

Sjukefråværet er lågare enn tidlegare. Nokre tilsette har hatt episodar med brukarar som har vore av ein slik art at det har vore behov for debriefing på arbeidsplassen, og samtalar med psykisk helse i etterkant. Det har til tider vore stort arbeidspress på tilsette.

Vinjar barnehage

Arbeidsmiljøet i eininga er bra. Dei tilsette gir tilbakemeldingar om ein god og trygg atmosfære blant kollegaene. Me har blant anna fokus på det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet på personalmøter.

Nesflaten oppvekstsenter

Sjukefråværet er lågt. Dei tilsette trivst på arbeid.

Sand barnehage

Den totale sjukefråværsprosenten har gått ned. Dei har likevel fleire som er langtidsjukemeldte grunna fysiske plager. Det kan bli aktuelt med tilretteleggingstiltak. I prosessen med å samkøyra personalgruppene har dei faste HMS-bolkar på personalmøta. Dette vil dei fortsetja med. Arbeid med bemanningsressurs to gonger i året i samband med barnehageopptak, har skapt mykje uro i

personalgruppa. Dette er fordi ein skilde i personalet risikerer å måtte flytta arbeidsplass på grunn av overtallighet. Det påverkar arbeidsmiljøet negativt.

Indre Ryfylke PPT

Sjukefråværet ligg på 8,8%. Dette skuldast at tenesta har hatt to langtidssjukemeldingar. Desse er ikkje arbeidsrelaterte! Eininga har hatt ei uhøgtidleg evaluering etter samanslåinga og alle gir uttrykk for at det faglege har vorte styrka på alle vis.

Erfjord skule

Dei melder om trivsel og god arbeidsmiljø. Ei stor utfordring for skulen er å få inn vikar når folk er sjuke/ borte frå jobb. Dette påverkar dei som er på arbeidsplassen. Erfjord skule har eit sjukefråvær på 5,8%. Dette kan ikkje relaterast til arbeidsplassen. Sjukefråværet skuldast svangerskap og andre sjukdommar som ein ikkje kan førebyggje.

Sand skule

Sjukefråværet har gått litt ned, det er 9,5 prosent. Det er framleis høgt, men lågare enn tidlegare. Skulen har hatt fleire langtidssjukemeldingar som ikkje er jobbrelaterte, men enkelte sjukemeldingar har vore knytt til stress og utfordringar i jobben. Arbeidsmiljøet er bra, og tilsette gir uttrykk for at ein har det godt på jobb.

Bygdeutvikling, teknisk drift og kultur

Teknisk drift

Sjukefråværet har auka den siste tida på teknisk drift. Det er både fleire langtidssjukemeldte og kortidssjukemeldte.

Reinhold ligg og under teknisk drift, her har sjukefråværet gått ned i frå 10% i fjor til 4% per 2. tertial 2017. Nedgangen skuldast bevisst jobbing med oppfølging og at nokre langtidssjukemeldte har kome over på andre ordningar.

Einingsleiar og avdelingsleiarar arbeider mykje med oppfølging av dei sjukemeldte, både saman med NAV, lege og verneteneste i kommunen.

Kultur

Sjukefråværet er på 6,9 prosent. Det er unormalt høgt for Kultur som har lege mellom 0,5 og 2 %. Dette skuldast langtidssjukemelding.

Det er tidvis slitasje i arbeidsmiljøet på grunn av misforhold mellom aktivitet, opningstider og personar tilgjengeleg på jobb, men alt i alt er arbeidsmiljøet godt. Viljen til å strekkja seg ekstra og yta det ekstra til glede for publikum og gjester, trumfar misnøye og frustrasjonar i det store og heile.

Handlingsprogram 2017 – 2020

Handlingsprogrammet følger opp måla og strategiane som er satt i “Kommuneplan for Suldal kommune 2015-2024”.

Brukar-, medarbeidar- og innbyggjarundersøkingar i Suldal kommune

Brukarundersøking

Mars	Sist gjennomført	Planlagt gjennomført
SFO	Foreldre/føresette i 2005,2011, 2013	2017, 2020
BUT, barnevern	2013	2017, 2020
Rådmannen, sosialtenesta	2013	2017, 2020
Suldal barnehage	2004, 2008, 2011, 2013, 2015	2017, 2020
Kultur, kulturskulen*	2013	2017, 2020
Elevundersøking	2013	Kvart år *

September	Sist gjennomført	Planlagt gjennomført
Heimetenester Suldal sjukeheim	Brukarar, bebuarar og pårørande i institusjon og heimetenester i 2004, 2009, 2011, 2013,2017	2020
Bygdeutvikling, byggjesak	2011, 2013	2017, 2020
KB, vatn og avlaup	2011, 2013, 2016	2020
Kultur, bibliotek	2011, 2013	2017, 2020
Helse, helsestasjon	2011, 2013	2017, 2020
Helse, fysioterapi	2011, 2013	2017, 2020

Medarbeidarundersøking

Februar	Sist gjennomført	Planlagt gjennomført
Medarbeidarundersøking	2007, 2010, 2012, 2015,	2018

Innbyggjarundersøking

September	Sist gjennomført	Planlagt gjennomført
Innbyggjarundersøking	2010, 2013, 2015**	2019
Ungdomsundersøking	2013, 2016	2019

* Når det gjeld elevundersøking og foreldreundersøking i skulane så går dette via staten sitt system (GSI). Alle dei andre går via KS sitt system bedrekommune.no

**Ikkje utført. Planen er gjennomføring i slutten av kommunevalåret. Innkomne data her kan nyttast i kommuneplanstrategien.



1. Folketal og arbeid

Mål: Fleire skal bu og arbeida i Suldal.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1. Den viktigaste målgruppa for arbeidet med tilflytting til Suldal er Suldalsungdom.	1.1 Halda fram med gratis abonnement av Suldalsposten til studentar og militære, jfr avtale med Suldalsposten	Utført
	1.2 Gi støtte tilsvarende 50% av bortebruarstipend til Suldalselevar på ToppVolley når dei bur på internatet og ikkje får bortebruarstipend	Ikkje aktuelt dette skuleåret.
2. Kommunen skal ha tilgjengeleg attraktive bustadtomter på Sand og i grendesentra. Områda for spreidd busetnad som allereie finst skal oppretthaldast.	2.1 Sjå etter gode tomtealternativer på Nesflaten	Vore på synfaring. Kommunen er positiv til dispensasjonar /omregulering for planlagde husvære nær kaien.
	2.2 Sandaneset, Jelsa (INV) Planlegging	I gong
	2.3 Regulering / opparbeiding bustadfelt	Dersom konfliktnivået er akseptabelt er kommunen positiv til dispensasjon for spreidd bustadbygging i LNF-områda.
3. I kommuneplanperioden kan det dukka opp nye utenkte prosjekt. Når kommunen får søknader som kan føra til nye arbeidsplassar er dette samfunnsinteresse av så stor vekt at det talar for dispensasjon frå vedtekne planar.	3.1 Avsetjing. til innskot / aksjekapital i 2017	Ikkje aktuelt enno.
	3.2 Prosjekt for å skaffa industriarbeidsplassar til Suldal	Ikkje kome i gong med noko konkret prosjekt, men har kontakt med eitt firma som er i tidleg fase med å testa ut nytt produkt.
4. Det er eit mål at det skal vera utleigebustader tilgjengeleg.	4.1 Kjøp/bygging kommunale bustader (INV).	Kommunen har tinga ein leilegheit i leilegheitsbygg som er under oppføring i Erfjord. Likeeins er det gitt signal om at det er aktuelt med kjøp av ein leilegheit i leilegheitsbygg som er under planlegging på Nesflaten.
5. Som eit ledd i å halde på og å tiltrekkje seg fleire barnefamiliar skal kommunale tilbod som gjeld desse prioriterast.	5.1 Aktiv bruk av Startlån (INV)	Ramma er ikkje brukt opp for 2017
6. Tilflyttarar frå både inn- og utland skal integrerast i Suldalssamfunnet. Grendautvala, skular og barnehagar i tillegg til frivillige krefter har ei særskild rolle i dette arbeidet.	6.1 Gje velkomstpakke til nyinnflytta og arrangera eigen «Ny i Suldal-dag»	«Ny i Suldal» blei arrangert i februar i samband med foreningskonferanse.
7. I Suldal skal me ha nærleik til gode tilbod. Kommunesenteret Sand skal med medvit byggast til ein stad som innbyggjarane i grendene ynskjer å nytta som kommunesenter.	7.1 Halda fram med støtta til sentrumsleiar. Støtta skal fortrinnsvis nyttast til arbeid med nyutvikling av arrangement.	Utført



2.Samfunnsutvikling og samfunnstryggleik

2.1. Areal og arealutvikling

Mål

Ei berekraftig og langsiktig forvaltning av arealressursane for å styrka busetnad og næringsliv, samstundes som ein tek vare på mangfaldet og kvalitetane i Suldalsnaturen.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1. Styrka Sand som kommunesenter, men og syta for livskraftige grender.	1.1 Gjennomføra tiltak i Torgområdet, Bekkjetorget / strandpromenade og Sentrum sør på Sand.	Pågår
2. Ha tilgjengelege attraktive bustad-tomter på Sand og i alle grendesentra. Ha tilgjengelege leigebustader i kommune-senteret. Vurdera omforming og fortetting som alternativ og supplement til bruk av nye område, særleg på Sand der ein konkret bør sjå på moglegheitene innan reguleringsplanane for Preståsen og Randåsen.	2.1 Planleggja og byggjemodna bustadfelt på Sand og i grendesentra slik at det er tilgjengelege tomter. Sand – Haugen - byggjeklart Erfjord – Stølane – regulera og byggjemodna Jelsa – Sandaneset – regulera og byggjemodna Suldalsosen – Brakåsen/Klypetjønn – regulera og byggjemodna Vanvik – byggjeklart Kjølvikstølen – byggjeklart Nesflaten – sjå etter nye tomtealternativ	Detaljplan i Erfjord (Stølane/Skjerahaug) er klar for politisk handsaming. Plan for Sandaneset på Jelsa er varsla Detaljplanen for Brakåsen/Klypetjønn er til politisk handsaming.
3. Syta for at barn, unge, eldre og funksjonshemma sine interesser vert ivaretekne i planlegging og utbygging av bustadområde. Alle nye bustadområde skal ha leikeplassar.	3.1 Laga gode rutinar som sikrar medverknad i planprosessane for lovfesta organ, samt folkehelseperspektivet og at barn og unge sitt perspektiv skal ivaretakast	Er del av same sjekklister om punktet under.
4. Ha eit langsiktig perspektiv på Suldal som hyttekommune. Nyta strandsoneanalysen ved tilrettelegging for hytter langs sjøen. Vera positiv til forsiktig fortetting og utviding av hytteområde langs sjøen der dette kan skje utan større konflikhtar. Ikkje opna nye, urørte strandområde for utbygging før det etablerte utbyggingspotensialet er realisert. Vera varsam med tilrettelegging for hytter i fjellområde med villrein og andre viktige verneverdiar. Kommunen vil halda på byggegrensa for hytter i Breiaastøldalen.	4.1 Ha sjekklister med desse punkta som alle framlegg til reguleringsplanar vert sjekka mot.	Har sjekklister for plan- og byggesakshandsaming
5. Ha tilgjengeleg kommunalt næringsareal på Sand og elles vera positiv til næringsetablering	5.1 Følgja opp kommuneplanen sine føringar i høve erverv og	Arbeider ikkje vidare med industriområde Bergshagen på

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
i alle grender. Byggemodna kommunale næringsområde i grendene etter behov og etterspurnad. Bidra til smidig dispensasjonshandsaming dersom det kjem søknader om viktige næringsetableringar i kommuneplanperioden i område der det ikkje er opna for dette og der slik etablering kan skje utan vesentlege konflikhtar med ålmenne interesser.	byggjemodning av næringsområde på Sand og ved Tysingvatn.	Sand då ein ikkje kom til einighet med grunneigar. Inngått avtale om kjøp av areal ved Tysingsvatnet (k.styre 19.09.2017)
6. Ha ei berekraftig forvaltning av sjøområda med vekt på fleirbruk, men der einskilde område kan avsetast til meir eksklusiv bruk. Ta vare på Sandsfjorden som nasjonal laksefjord på ein god måte. Satsa på større, felles småbåtanlegg.		
7. Ta omsyn til ålmenta sine interesser, verneverdiar og tryggleik i arealforvaltninga og leggja folkehelseprinsippet til grunn. Legga til rette for friluftsliv ved t.d. etablering av samanhengande turveg/stisystem også i låglandet, jfr. Sti- og løypeplan.	7.1 a Planleggja og opparbeida tursti- system på strekninga Sand- Suldalsosen	Pågår. Avklare med grunneigar.
	7.1. b Høse ”Langs Lågen” (INV) Gangveg Sand – Garaneset Planlegging Utbygging Deler av gangveg bør tilretteleggjast slik at og rullestolbrukarar kan nytte han (universell utforming)	Omega er i gong med prosjekteringsarbeidet.
	7.2 Årlege vedlikehald, rydding og justeringar av trasèar i skiløypenettet.	Ikkje utført
	7.3 Badeplass Neset (INV)	Tenkt gjennomført samtidig med arbeid med omlegging av VA-Nordenden.
8. Syta for at viktige jord- og skogbruksområde og framtidige ressursar som t.d. viktige grus- og pukkeserver, ikkje vert nedbygde ved t.d. spreidd bygging.		
9. Forvalta Suldalsheiane i tråd med prinsipp som er nedfelte i ”Heiplanen”.	9.1 Delta i aktuelle samlingar	Kommunen er med der de er naturleg og der me har kapasitet.
10. Forvalta areala langs Nasjonal turistveg Ryfylke, inkludert Rv 13 gjennom Suldalsdalføret, på ein måte som opprettheld og styrkar natur- og kulturopplevingane for turistar og fastbuande.	10.1 Arbeida for å få inn tiltak i handlingsplanen til Reiselivsplan for Ryfylke i samband med revisjon av denne.	Har spelt inn tiltak – fleire vart teke inn i planen.
	10.2 Delta i prosjektet «Nasjonalt turistveg i Ryfylke»	Ordførar er i styringsgruppa, og administrasjonen og Suldal vekst er aktive i møte

2.2. Næring

Mål:

Suldal skal vera attraktiv for nærings- og besøksutvikling, verdiskaping og vekst med grunnlag i lokale ressursar.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1. Påverka og forbetra rammevilkåra for næringslivet	1.1 Evaluera kommunens samla næringsutviklingsarbeid.	Starta ekstern vurdering
	1.2 Kjøp og utvikling av næringsareal (INV)	Tysingvatnet er vedteke kjøpt
	1.3 Ved politisk semje om trong for nytt næringsareal før 2020 vil Suldal kommune på kort varsel syte for nødvendige løyvingar og igongsetting av slik opparbeiding	
	1.4 Vurdera området på Lovraeidet som framtidig kommunalt næringsområde	Er regulert til næring i detaljplanen for rassikring Rødsliane.
2. Frenja utvikling og vekst i eksisterande næringsliv	2.1 Landbruket i Suldal skal også i framtida vera ei av dei viktigaste næringane , og eksisterande støtteordningar skal oppretthaldast. (JFK Aksjonsplan landbruket)	Aksjonsplan landbruk gjeld fram til neste rullering av kommunepalnen
	2.2 Støtta opp om Suldal vekst sitt arbeid i høve innovasjon og entreprenørskap.	
	2.3 Nytt midlane i Ulla Førre næringsfond målretta mot utvikling og vekst i næringslivet	Har nyleg gjennomgått og oppdatert retningslinene for sakshandsaming av søkande.
	2.4 Ha fokus på endringar i LOA og anna regelverk for å styrkja deltaking frå lokalt næringsliv i tråd med kommunen sin innkjøpsstrategi	Det blir fulgt opp i det daglege arbeidet.
3. Ha fokus på utvikling av gründermiljø	3.1 Støtta opp om Suldal Vekst sitt arbeid med entrepenørskap blant barn og unge der Læring i næring er eit av verktøya.	Jamlege møter med Suldal Vekst
	3.2. Vera aktiv for å skaffa interessentar til Grøne datasentre og anna industri.	Aktiv gjennom arbeid knytta til aktuelt område, samt gjennom deltaking i Ryfylke IKS
4. Utvikla besøksnæringane: Reisemålsutvikling Sentrumsutvikling Styrka Sand som handels- og opplevingssentrum Opplevings- og kulturnæringsutvikling	4.1 Vera med i revisjon av handlingsplanen til Reiselivsplan for Ryfylke.	Utført
	4.2 Sentrumsareal, Sand (INV) Torget-gjennomføring i 17 Sentrum sør- meieriområdet og Bekkjatorget og strandpromenaden	Under arbeid

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
Utvikla gode nettverk mellom offentlege og profesjonelle kulturaktørar, reise- og næringsliv som saman bidreg til utvikling av kulturlivet og skaper synergjar i samfunnsutviklinga.	4.3 Meierieigedommen blir lagt ut for sal. Det vert lagt fram sak for kommunestyre i januar 2017 med vilkår og føringar knytt til salet	Under arbeid. Anbudspapir er laga, klare til utsending
	4.4 Prosjekt «Eit døgn ekstra i Suldal»	Sjå eige avsnitt i rapporten
5. Ha fokus på rekruttering av bransjespesifikk arbeidskraft	5.1 Samarbeida med Suldal Vekst med utgangspunkt i ny avtale.	Jevnleg kontakt og samarbeid

2.3. Kommunal infrastruktur

Omfattar bygg og eigedomar, vegar, kaiar, vassforsyning og avløpsanlegg.

Mål:

Suldal kommune skal ha ein god og kostnadseffektiv infrastruktur.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
	Innføra kommunale avgifter for inn og utførsel over kommunalt eigde kaiar.	Dette er gjennomført og sett i verk frå februar
	Innføra bompengar på kommunale fjellvegar	Det har vore arbeid med alternativ og anbod. Vil bli fullført i haust
1. Utbygging, drift og vedlikehald av kommunal infrastruktur skal vera kostnadseffektivt. Det skal utarbeidast vedlikehaldsplanar for alle kommunale bygg og anlegg.	1.1 Utvida /ombyggja Sand barnehage, avdeling Joagarden, (INV)nytt lager og personalavdeling	Prosjektet blir lyst ut på anbod tidleg i september. Anbudsfrist medio oktober.
	1.2 Bygga nytt badeanlegg (INV med mva) Driftsutgifter	Framdrift i byggjeprojektet er så langt i rute i høve ferdigstilling til sommaren 2018. Prognose sluttsum for projektet er pr. 2. tertial 124 mill. kr.
	1.3 Kostnad ved å halda ope bassenger (Rygjatun) fram til nytt basseng er på plass. Ikkje tilskot våren 18.	
	1.4 Fornyng kulturhuset (INV)	2019
	1.5 Greia ut framtidig bruk av eksisterande bygningsmasse innan omsorgstenestene med utgangspunkt i brukarbehov (INV) (Forventa statsrefusjon,40%, vert delvis forskottert med bruk av disposisjonsfondet)	Politisk vedtak i september -17
	1.6 Bygga leiligheiter til bufellesskap / avlastning (INV)	Detaljprosjektering i haust. Utlysing på anbod mot slutten av året. Prosjektkostnaden må innarbeidast i økonomiplanen på vanleg måte.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
	1.7 Oppgradering til ventilasjons-anlegg med varmegjenvinning – Suldalshallen (INV)	2019
	1.8 Planleggja sal av kommunale bygslingstomter (tidlegare OVF)	Utført 104 festarar har fått generelt tilbod 79 av desse har motteke tilbod om kjøp av si tomt.
	1.9 Ny branngarasje Jelsa (INV) Prosjektering, vurderer leige Utbygging	Forprosjekt med kostnadskalkyle for bygging av ny brannstasjon på Jelsa ligg føre. Prosjektet er kalkulert til om lag 9,0 mill. kr. Prosjektkostnaden må innarbeidast i økonomiplanen på vanleg måte.
	1.10 Oppr.Hålandsosen kai (INV)	Forprosjekt med ulike løysingar er utarbeidd. Det er gjort vedtak om nedklassing av kaia og gjennomføring av reparasjonar og oppgradering av kaiutrusting. Dette vert eit driftstiltak.
	1.11 Universell utforming Kyrkjebygg Tak Sand kyrkje Tak Suldal kyrkje	Tiltak ved Jelsa kyrkje ferdig gjennomført. Bygging av rullestol-rampar, toalettbygg og HC-toalett ved Marvik kapell vert gjennomført i løpet av hausten. Anbod vert gjennomført nå, oppstart våren 2018.
	1.12 Oppgradering Nesflaten skule	Prosjektet er ferdig gjennomført. Sluttoppgjær med entreprenørar under gjennomføring. Delar av rest løyving i prosjektet vert nytta til oppgradering av uteområde ved skulen.
	1.13 Utbetring veg Bjergajuvet	Prosjektet er svært utfordrande m.o.t terreng, rasfare og persontryggleik. Vurdering av ulike utbetringsmåtar. Reknar med at det vert tatt eit vegval omkring måtar å angripe prosjektet vidare på i løpet av hausten.
	1.14 Sand småbåthamn 1.15 Opparbeiding av Erfjord kyrkjegard og parkeringsplass	Nye bølgebrytarar er på plass. Prosjektet med riving av trepir og bygging av ny trepir står att.
2. Opprusting av kommunale vatn- og avløpsanlegg slik at dei tilfredsstiller kvalitets- og miljøkrav.	2.1 Nytt Sand vassverk (INV) Prosjektering Utbygging	Skisseprosjekt ligg føre. Utbygging er i vedtatt økonomiplan lagt til 2020.
	2.2 Utbygging av nytt kloakkrensseanlegg for Sand (INV)	Detaljprosjektering pågår. Utlysing på fleire delanbod i løpet av hausten og vinteren. Byggstart våren 2018. Prosjektet må etter ny og oppdatert kostnadsoverslag tilførast om lag 3,5 mill. kr. For at prosjektet skal vere fullfinansiert. Vert føreslått

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
	Rallebekken	innarbeid i økonomiplanen ved rullering nå i haust. Undersøking om teknisk tilstand er gjennomført. Trong for utbetring på parti av kulverten.
	2.3 VA-utbygging Mosvatnet (INV) Ledningsanlegg vatn- og kloakk Nytt vassverk Nytt kloakkanlegg	Prosjektet er i hovudsak ferdig gjennomført. Erstatning som følgje av klausulering av råvasskjelde skal dekkjast av dette prosjektet.
	2.4 Høgdebasseng vatn UV (INV)	Prosjektet vert ikkje gjennomført som ei investering. Er løyst på anna måte i drifta.
	2.5 I samband med VA-sanering/ kloakkrensing Sand og VA- utbygging Mosvatnet vert det også vurdert plass for avskjerma tømestasjonar for campingvogn/ bubil	Utført

2.4. Klima-, energi- og miljø

Mål

- Klimautslepp i Suldal skal stabiliserast på 2009-nivå innan 2017.
- Energiforbruket skal reduserast og auka del av forbruket skal koma gjennom bruk av alternativ fornybar energi.
- Suldal kommune skal framleis vera ein stor produsent av vasskraft og vil auka produksjonen på ein berekraftig måte.
- Det biologiske mangfaldet skal oppretthaldast, med særleg merksemd på trua og sårbare artar og naturtypar, på villaks og villrein.
- Skapa forståing, respekt og stoltheit for den eineståande kulturarven me forvaltar i Suldal.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1. Kommunedelplan for klima og energi for Suldal kommune, vedteken 08.05.2012 skal leggest til grunn for politikken på dette området.	1.1 Det må arbeidast for å få bindande avtale med fylkeskommunen slik at all bruk av alternativ energi, både privat og kommunal, vert rekna med i grunnlag for kommunens del av konsesjonskraft.	Ikkje utført
	1.2 Bruk av alternativ energi skal alltid vurderast og dokumenterast ved utgreiing og planlegging av kommunale byggjeprojekt, nybygg såvel som rehabilitering. Rapportert til formannskapet parallelt med saksframlegget for prosjektet.	Vert vurdert, men til no vurdert til å bli for dyrt.
	1.3 Utgreiing og planlegging av rehabilitering for kommunale prosjekt skal dokumentera vurderte ENØK-tiltak. Rapportert til formannskapet parallelt med saksframlegget for prosjektet.	Vurdert opp mot økonomi
	1.4 Suldal kommune skal aktivt oppmoda alle tiltakshavarar om seriøst vurdere relevante ENØK-tiltak og muligheter for alternativ energi i sine prosjekt. Dette linkast opp mot dei muligheter ein får ut av ulike program og støtteordningar t.d.gjennom Enova.	Ikkje utført
2. Retningslinjene for utbygging av små kraftverk skal følgjast.		
3. Ved revisjon av kraftkonsesjonar skal miljøaspektet tilleggas særskilt vekt.	3.1 Starta arbeidet med ny miljørevisjon for Ulla-Førre i samarbeid med Hjelmeland og Bykle.	Pågår
	3.2 Starta arbeid med miljørevisjon av Røldal-Suldal saman med Odda kommune	Pågår
4. Støtta miljøfremjande tiltak i landbruket.		
5. Auka kunnskapen om det biologiske mangfaldet og nytta denne aktivt i arealforvaltinga. Informera aktivt om dette på kommunen sine nettsider for å skapa auka forståing og interesse.		Arbeider saman med grunneigarane og Fylkesmannen for å etablere Hamrabø, Møkleiv og Klungtveit som særskild verdifullt kulturlandskap. Innanfor naturforvaltning og friluftsliv har me engasjert stillingsressurs på 20% etter at plan- og miljøstillinga vart sett ledig.

2.5. Regionalutvikling

Mål:

Suldal kommune skal vera ein aktiv pådrivar og deltakar i regional utvikling og samarbeid.

Suldal skal aktivt søkja regionale løysingar på felles utfordringar i Ryfylke og tilstøytande regionar (Haugalandet, Hardanger, Vest-Telemark og Setesdal).

Det gjeld samarbeid både med andre kommunar og private regionale interesseorganisasjonar.

Samarbeidsgevinstante skal hentast ut gjennom å gjera samarbeidet meir forpliktande.

Fellesløysingar skal veljast i staden for eigne løysingar der det gir gevinst.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1. Suldal vil aktivt ta del i nettverk og prosjekt som kan munna ut i nye interkommunale løysingar.	1.1 IT-samarbeidet i Ryfylke (INV)	Me følgje planen (sjå vedlegg)
	1.2 Oppstart av felles barnevernteneste med Sauda som vertskommune	Starta 1. september
	1.3 Oppstart av felles PP-teneste med Sauda kor Suldal er vertskommune	Starta 1. mars. Ny leasingbil er på plass i oktober.
	Ny leasingbil	
	1.4 Delta i velferdsteknologinettverk for Haugaland Vekst- kommunane	Er med i samarbeidet og vil forsetja i 2018
	1.5 Oppstart av interkommunalt brannsamorbeid	Blir sett i verk 01.01.2018. Selskapet er etablert og leiar er tilsett.
2. Suldal vil delta i regionalt utviklingsarbeid som skjer i private og offentlege interesseorganisasjonar innan næringsliv / reiseliv, kunst og kultur, idrett og liknande.	1.6 Arbeida for avtalar med Sauda og eventuelt andre kommunar innan Helse \ omsorg, ma. sal av omsorgsplassar legevaktsamarbeid natt, Oppvekst, t.d. innflyttarar Kultur Tekniske tenester, til dømes sopebil Administrative spesialkompetansestillingar	Hatt møte med Sauda når det gjeld tekniske tenester. Ikkje konkrete planar om samarbeid enno.
	2.1 Delta i byregionprosjektet på Haugalandet.	Plan vedteke i kommunestyret 19. september
	2.2 Delta i arbeidet med ny ATP i Ryfylke	Delteke.

2.6. Samferdsle

Mål:

Suldal skal ha trygge vegar – både internt og inn/ut av kommunen.

Suldal skal ha gode kollektivtilbod.

Elektroniske samband skal vera tilgjengelege for alle i Suldal.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1. Arbeida for opprustning og rassikring av RV13	1.1 Arbeida for å framskunda rassikring i Rødsliane	Reguleringsplan vedteken. Innspel til NTP – jobbar også gjennom Fjordvegen
	1.2 Arbeida for at det vert sett i gong reguleringsarbeid frå Lovraeidet til Lovradalen	
	1.3 Sjå til at det vert iverksett ÅDT-måling i Bratlandsdalen for å sikra rett risikonivå i vidare prioritering og planleggingsarbeid	Er målar på Nes
	1.4 Arbeida for rassikringsarbeid i Bratlandsdalen; at det kjem inn i NTP og blir sett i gong reguleringsarbeid	NTP lagt fram utan omtale av saka.
2. Arbeida for heilt eller delope ferjesamband Nesvik- Hjelmeland til ferjesambandet eventuelt vert avløyst med bru/tunnel		
3. Arbeida for betre vedlikehald av riks- og fylkesvegar		
4. Arbeida for rydding / skoging langs riks-, fylkes- og kommunale vegar.	4.1 Lage plan for dette i samarbeid med grunneigarar og reiseliv	Møte saman med reiselivsansvarleg for å laga vidare grovplan. Skoging utført seinhaustes 2016.
5. Arbeida for å oppretthalda og utvikla raske og tenlege hurtigbåt – og bussruter inkl. ekspressbussruter. Det må vera korrespondanse mellom dei ulike rutetilboda.	5.1 Saman med fylkeskommunen arbeida for å etablera venterom på Sand som eit trafikknutepunkt.	Er med som innspel til planarbeidet i sentrum.
	5.2 Arbeida for betre kollektivtilbod for dagpendlarar Sauda – Suldal	Ordførar og administrasjon har hatt møter med Fylkeskommunen
	5.3 Arbeida for betre kollektivtilbod mot Haugesund og Stavanger	Ordførar og administrasjon har hatt møter med Fylkeskommunen og Kolumbus.
6. Arbeida for realisering av Haukelibanen.		
7. Arbeida for full mobildekning først og fremst der folk bur og ferdast.		
8. Arbeida for full dekning av datasamband i samarbeid med elverket og andre aktørar.		

2.7. Samfunnstryggleik

Mål:

Suldal kommune skal gjennom si planlegging førebygge risiko for kriser og ulukker, og arbeida med sikte på å bli minst mogleg sårbar i slike situasjonar.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
	Iverksetja ny brannordning med 3 stasjonar – Sand, Suldalsosen og Jelsa. Investera i ny brannbil med vatn og skum på Jelsa	Utført
	0.2 Etablere beredskapsrådet som eit fast organ	Utført
	0.3 Gjennomføra årleg kriseøving for krisestaben. Ulike ytre etatar og eigne einingar bør vera med med jamne mellomrom	Kriseøving er gjennomført to gonger, ny øving i november
	0.4 Arbeida for gode og trygge skuleveggar i tråd med prioritert liste i Trafikktryggleiksplanen.	Arbeidet er i gong, styrarar og rektorar jobbar med lokale planar.



3.Kunnskapssamfunnet

Mål

Alle barn og unge i Suldal opplever læring og meistring i eit inkluderande og trygt miljø kvar dag.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1.Satsa på rekruttering og kompetanseutvikling for dei tilsette	1.1 Vidareutdanning av lærarar/statleg ordning, kommunal eigendel	Sju lærarar har gjennomført vidareutdanning, kompetanse for kvalitet.
	1.2 Implementere og halde fram arbeidet med Haugalandsløftet slik at barn og unge får utnytte sine ressursar og bli godt inkludert i det ordinære opplegget i barnehage og skule.	Prosjekt Haugalandsløftet avslutta til sommaren. Strategi for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning er ferdig og politisk behandla.
	1.3 Desentralisert barnehageutdanning	Tre studentar avslutta tredje året til sommaren. Skal i gong med siste år til hausten.
	1.4 Vidareutdanning PPT/statleg ordning, kommunal eigendel	Ingen deltakarar
	1.5 Utdanna assistentar til fagarbeidarar	Ingen har meldt seg, til trass for fleire oppmodingar. Det ligg økonomisk støtte til dette.
	1.6 Auke lærarane på leirskulen sin kompetanse innan friluftsliv og andre aktuelle fagområde.	Høgt fokus på dette gjennom mindre kurs og seminar.
	1.7 Rekruttera og kvalifisera tospråklege lærarar og assistentar	Introsenteret samarbeidar med aktuelle skular og barnehagar om flyktningar som har lærarutdanning eller anna relevant utdanning/erfaring, med tanke på å kvalifisera desse til arbeid i skulen i Noreg.
	1.8 Vera tidleg ute for å rekruttera lærarar med rett kompetanse	Var ute med annonse i februar. Fekk godt med søkjarar, men det er likevel skular som har måtta tilsette ufaglærde grunna for lite kvalifiserte søkjarar.
2. Ha kvalitet i alle ledd	2.1 Stillingane avsett til ekstra tilrettelagt undervisning (1,5) skal nyttast målretta for å få ned talet på elevar som har vedtak om spesialundervisning. Bruk og effekt skal meldast tilbake til kommunestyret.	Dette er rapportert i Skulepolitiske melding.
	2.2 Arbeida for til ei kvar tid å ha barnehagelærarar etter lova	Me har for tida tre studentar som tek barnehagelærararutdanning. Fleire har signalisert at dei vil starte.
	2.3 Utarbeide ny modell for tildeling av ressursar i barnehage og skule	Nye modellar vert sett på i samband med innføring av nytt skuleadministrasjons-program.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
		Barnehage er i gong med ny modell frå januar18.
	2.4 Gullingen leirskule skal betre samarbeidet mellom heimeskulen. Leirskulen skal ha høgt fokus på å rekruttere nye brukarskular, men vil også vurdere andre brukargrupper.	Vindafjord kommune er inne hjå oss no som ny kommune. Men viktigast er at Sandnes kommune kom tilbake igjen frå 2017. No er det igjen lite rom for andre grupper.
	2.5 Vurdera framtida til ungdomstrinnet på Nesflaten i eiga sak	Saksutgreiing starta opp i sommar. Blir politisk sak neste år.
	2.6 Utreie plassering av oppvekstsenter ved Marvik eller Kjølvikstølen i tråd med F-041/16. Undersøking blant foreldre med born mellom 0-16 år, skal vera inkludert.	Saksutgreiing starta opp i sommar. Blir politisk sak til hausten eller vinteren.
3. Alle barn skal raskt bli inkluderte i barnehage, skule og fritid	3.1 Arbeide for at alle barn får nytta sine ressursar og bli godt inkludert i det ordinære opplegget i barnehage og skule	Strategi for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning er ferdig og politisk behandla.
	3.2 Utdanne tilsette i alle kommunale tenester til å forstå kulturforskjellar til barn/foreldre som kjem til Suldal som flyktningar.	Introduksjonsutvalet har vedteke bruk av midlar frå introfondet til slik kompetanseheving. Introsenteret har informert aktuelle einingar om ordningar, og minnar eininglseiarane på dette med ujamne mellomrom.
4. Førebygging og tidleg innsats skal ha fokus	4.1 Arrangera oppvekstkonsferanse for alle einingar som jobbar med barn og unge der førebygging og tidlig innsats er tema. Temakveld for foreldre kvelden før med same tema.	«Me Bryr Oss Konferansen» (nytt namn) skal arrangerast 9. - 10.nov. Planleggingsarbeidet er godt i gong. Tema «Du er viktigare enn du tror»
	4.2 Utarbeida planar for førebyggjande arbeid for barnehage og skule.	Ser på korleis andre kommunar har gjort dette. Gruppe etablert. Utgangspunkt Sand skule - når den er utarbeidd skal den vera grunnlag for dei andre.
5. Dei ulike tenestene skal aktivt nytta foreldra som ressurs	5.1 Foreldre til minoritetsspråklege barn skal nyttast som ressurs for å styrka identitetsarbeidet i barnehage og skule.	Introsenteret har teke initiativ til «foreldrekurs» for foreldre med barn i barnehage og skule. Einingsleiarar frå Sand skule og Sand barnehage, tilsett i PPT og på SFO hadde kurset i august 2017.
	5.2 Trekke foreldra aktivt med i det førebyggjande arbeidet i skulen.	FAU og SU er sentrale råd som vert brukt i samband med utvikling av ulike rutinar og arrangement der dette er tema. Det er også tema på ulike foreldremøte. Kommunalt FAU vert involvert, eitt møte vår og eitt haust. Eigen temakveld for foreldre i samband med «Me Bryr Oss Konferansen»
6. Ha fokus på koordinering og samarbeid	6.1 BTI - Betre Tverrfagleg Innsats Etablere og implementere ein fast samarbeidsstruktur som sikrar tidlig innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering.	Fått 1 million til prosjektleiarstilling over to år frå BUFdir. Prosjektleiar tilsett. Det er etablert ei gruppe som jobbar med lokal modell for Suldal
7. Medverknad frå barn og unge	7.1 Leggja til rette for at Ungdomsrådet vert aktive i aktuelle kommunale prosessar	Ungdomsrådet har hatt 5 møter.
8. Stimulera til fysisk aktivitet hjå barn og unge.	8.1 «Trivselslederprogrammet» skal innførast i klasstrinn 8-10	Gjennomført og godt i gong med eit positivt program.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
	8.2 Klasseleiing i utvikling Nasjonalt satsing med støtte til lokalt utviklingsarbeid i klasseleiing på Sand - og Nesflaten skule.	Første år i satsinga avslutta til sommaren. Satsinga går ut året. Er godt i gong og det er utvikla gode rutinar gjennom godt samarbeid med UH sektoren, som har bidratt med kompetanse.
	8.3 Planleggje og gjennomføre aktivitetsdag «Aktiv i Suldal»	«Aktiv i Suldal» blei gjennomført i slutten av august.



4. Å bu og trivast

4.1. Folkehelse

Mål:

God livskvalitet for alle i Suldal. Alle som bur og oppheld seg i Suldal skal møte trygge lokalmiljø som inviterer til ei aktiv fritid og fremjar god helse og trivnad.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1. Iverksetja tiltak for å komme dei til ei kvar tid definerte helseutfordringane i møte.	1.1 Arbeida for å etablera ein legevakt som stettar nye krav jamfør Akuttmedisinforskrifta	Det vil bli politisk sak i 2018 jf. nye krav til bakvaksordningar som trer i kraft mai-2018
	1.2 Sikre at skjenking av alkohol skjer på ein måte som gjer at skadeverknadene vert avgrensa og at sosiale omsyn vert teke	Tildelte løyve vert nytta i samsvar med regelverket (noko manglar på internkontroll)
2. Leggja til rette for at det einiskilde individ finn fram til gode tiltak som fremjar eiga helse, restarbeidsevne og meistring.	2.1 Førebyggjande informasjonsarbeid for å heve debutalderen og redusere alkoholbruken hjå mindreårige	Er på gong.
	2.2 Kommunen skal ha ei aktiv haldning når det gjeld grøen omsorg (Inn på tunet). Sikra at det vert søkt på eksterne støtteordningar for dette tilbodet	Ny gard godkjent, (Nessa på Jelsa). Det er vanskeleg å finne tilskotsordningar.
3. Auke bruken av helsekonsekvens-utgreiingar i sakshandsaminga.		
4. Planlegga tilgjengelege, trygge og grøne bumiljø som fremjar aktivitet, trivnad og god helse for alle.	4.1 Dette skal vera del av planlegging i høve nye bustadfelt .	Er del av sjekklista for planlegging.
	4.2 Det skal leggjast til rette for aktivitet/ leik i Sand sentrum	Er med i planlegginga av reguleringsplanane som nå vert arbeidd med.
5. Styrka samarbeid i det rusførebyggjande arbeidet.	5.1 Tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid i SLT-gruppa	SLT-gruppa har hatt 3 møter
6. Støtta alkoholfrie arrangement for ungdom.	6.1 Nytt avsette midlar til kultur og ungdomsråd	Det blir arrangert og gitt tilskot til rusfrie arrangement gjennom heile året, noko blir fordelt gjennom grendeutvala. Ungdomsklubben på Kulturhuset er eit fast tilbod.
	6.2 Samarbeide med ungdomsrådet om å planlegga og gjennomføra rusfrie arrangement	Gjennomført rusfritt arrangementet «Sommarfest» i juni for 161 ungdommar
7. Arbeida for eit lokalsamfunn der bruk av narkotika er uakseptabelt.	7.1 Haldningsskapande arbeid for å gjera kvar einiskild bevisst på negative konsekvensar ved bruk av rusmiddel.	Informasjonsarbeid som skjer kontinuerleg i til døme skulen.
	7.2 Tett samarbeid med førebyggjande politi.	Har byrja samarbeid med nyttilsett politikontakt.

4.2. Helse og omsorg

Mål

Suldal skal ha forsvarlege og kostnadseffektive helse,- omsorgs og sosialtenester der det vert lagt vekt på førebygging og livskvalitet.

Suldal skal ha eit forsvarleg og godt helsetilbod tilpassa den einskilde brukar.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1. Gi tenestene på beste effektive omsorgsnivå (Frå Leon-prinsippet - Lågaste Effektive Omsorgsnivå til Beon-prinsippet – Beste Effektive Omsorgsnivå).	1.1 Vidareføra dagtilbod demente for inntil 6 personar frå heile kommunen tre dagar i veka på Sand som fast tilbod	Utført
	1.2 Opprette ØH-seng psykiatri/rus	Utført
	1.3 Revisjon inntektskriterier / rutiner sakshandsaming	Er laga kriterier for tildeling av sjukeheimplass og heildøgns plass. Vil få nye kriterier til heimetenester i 2018.
	1.4 Innføra kvar dags rehabilitering.	Videreutvikle og styrking av gjennom prosjektmiddel tildelt i 2017-18. Auka ressurser for fysioterapeut og heimetenester brukast til å styrka samarbeidet og forebyggende tiltak mot heimeboende brukere
2. Heimebaserte tenester skal i størst mogleg grad gis i private heimar	2.1 Innføra fullelektronisk kommunikasjon / mobilomsorg	Problem med produktet og mobildekning. Det blir laga ein strategiplan for helse, og omsorg i lag med IT
3. Arbeida interkommunalt og tverrfagleg der det er formålstenleg.	3.2 Vurdera vertskommunesamarbeid med NAV for Sauda og Suldal	Blir ikkje vertskommunesamarbeid, men felles leiar og felles Nav statleg del
4. Styrka førebyggingsarbeidet innan alle fagområde	4.2 Utarbeida rettleiar for å førebyggja radikaliserings og ekstremisme	Under utarbeiding. Ferdig desember 2017
5. Drifta skal vera kostnadseffektiv og samarbeidsorientert	5.1 Greia ut nye strukturar og lokaliseringar innan tenesteområdet.	Politisk vedtak i 2017
6. Utvikla ordningar innan velferdsteknologi	6.1 Etablera tryggleiksalarmar til å verte tryggleikspakkar for heimebuande ved at ein knyter til andre funksjonar som td. fallsensor og døropnar. Starta utskifting.	Held på å innstallere til nye alarmar nå i haust -17
7. Nav skal sikra at brukarane får rett hjelp til rett tid der arbeid er fyrstevalet.		
8. Nav skal hjelpe arbeidsgjevarar med å få ned sjukefråveret og rekruttera nye medarbeidarar til næringslivet.	8.1 Delta på to av Suldal Vekst sine årlege møte.	

4.3. Kultur

Mål:

Suldal skal vera ein spydspiss i kulturlivet i regionen med fokus på breidde og mangfald. Kulturskaping og kulturdeltaking er ein viktig og sjølvstendig del i samfunnsutvikling, identitetsskaping og livskvalitet.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1. Verna om, og satsa på gode basistilbod som bibliotek, kulturskule, kulturhus og kommunale og frivillige fritidstilbod i tråd med statlege føringar i Kulturutredningen 2014.	1.1 Oppsetjing av Syng Elvestraum Planlegging Gjennomføring	Små sonderingar er starta på. Planlegging først i 2018.
2. Tenkja nytt i forhold til samarbeid, aktivitetar, brukargrupper og kundar med fokus på brukarperspektivet og etterspurnad.	2.1 Vurdera samarbeid om kulturaktivitetar for eldre i samarbeid med folkehelsekoordinator og frivillige.	Initiativ til møte mellom folkehelse, kultur og friviljugkoordinator i vår.
3. Utvikla gode arenaer, møteplassar og nettverk ved å styrka dei eksisterande som fungerer godt og tilrettelegga for nye i tråd med endrande behov.		
4. Ha fokus på eksterne tilskotsordningar, både til eiga utvikling og som formidlar og tilretteleggjar for andre som kan søkja.	4.1 Gjera kjent og bruka Tilskotsportalen i eigen organisasjon og hjå friviljuge lag og organisasjonar	Fortløpande i dialog med laga, men ikkje som eige kurs.
5. Vera drivkraft for å implementera kultur og kulturskaping i andre tenester i kommunen og i lokalsamfunnet elles, og synleggjera kulturen si rolle i det tverrfaglege folkehelsearbeidet.	5.1 Vidareutvikla kulturskulen som kompetansesenter	Kulturskulen har breitt samarbeid med andre, både internt i kommunen og ut til frivillige. Kulturskulefestivalen i april er eit nytt prosjekt i satsinga.
	5.2 Arbeida for auka løyvingar til barnekultursenteret i statsbudsjettet. Dette i samarbeid med fylkeskommunen og Ryfylkemuseet. Vidareføra kommunalt tilskot i 2016 - 2017.	
6. Plan for skjøtsel av kulturminne i Suldal, revidert 2014, skal nyttast aktivt for å ta vare på kulturminna i kommunen. Planen skal nyttast i haldningsskapande arbeid, og i samarbeid med Ryfylkemuseet stimulera til vern og formidling av bygningar og samlingar, språk og forteljingar, musikk og handverk og andre tradisjonar innan arbeid og fritid.	6.1 Støtta private kulturminnetiltak	Søkt om og fått kr 100 000 i støtte frå riksantikvaren til revisjon av kulturminneplanen. Naturinform engasjert som konsulent.

4.4. Inkludering

Mål:

Suldal skal vera ein kommune kor alle tilflyttarar, både norske og utanlandske, er godt integrert. Deltakarar i introduksjonsprogrammet skal vera klar til yrke eller utdanning etter fullført program. Elevane i vaksenopplæringa skal læra norsk språk så godt at dei kan nytta det til å kommunisera i alle samanhengar.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1. Det skal vera gode organisatoriske ordningar som fremjar godt integreringsarbeid	1.1 Busetja 15 nye flyktingar i 2016 og 17, deretter 20 pr. år vidare. (IMDI har bedt om reduksjon frå 25 til 15 i 2017)	19 flyktingar blei busett i februar-mars 2017. Fire av desse på «kvoten» for 2016.
	1.2 Legga til rette for kompetanseheving for alle kommunale einingar som arbeider med flyktingar/innvandrarar	Introduksjonsutvalet har vedteke bruk av midlar frå introfondet til slik kompetanseheving. Introsenteret har informert aktuelle einingar om ordningar, og minnar eininglseiarane på dette med ujamne mellomrom
	1.3 Introsenteret og oppveksteiningane skal samarbeida for å bruka barnehage, skule og SFO som arbeidspraksis for også å kunne gje morsmålstøtte til minoritets-språklege born/elevlar	Dette blir gjort i dag. I 2017 har det vore tre språkpraktikantar på Sand skule, ein i Sand barnehage, to på Jelsa oppvekstsenter og ein i Vinjar barnehage.
	1.4 Gjennomføra helsefagutdanning for flyktingar	I samarbeid med NAV, AOF Haugaland og Sauda vidaregåande skule har ein tidlegare introdeltakar starta opp på helsefagutdanning på kveldstid. Ein noverande introdeltakar har starta på tilsvarande kurs i barne- og ungdomsarbeidarfaget.
	1.5 Gjennomføra tiltak i samarbeid med vidaregåande skule som førebuing til fagutdanning	Forkurs starta opp 31.8. 9 introdeltakarar frå Suldal deltek. Deltakarane har tre dagar i veka med norsk, og to dagar i veka med forkurs til vidaregåande.
	1.6 Arbeida for kompetanse og utdanning til varig arbeid i Suldal	Kontinuerleg. Det er positivt at fleire som framleis er i introduksjonsprogrammet fekk sommarjobb både i Suldal kommune og private bedrifter sommaren 17.
	1.7 Sikre tidleg innsats og meningsfulle aktivitetstilbod for flyktingane. God involvering, ivaretaking og samarbeid med frivillige. Stimulering til, og god oppfølging av "fadder-/venefamiliar"	Alle som blei busett i 2017 har fått ein venefamilie/person. Introsenteret samarbeidar tett med kultur om å få fleire av flyktingane med i lokale lag og foreiningar.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
2.Vaksenopplæringa skal vidareutvikla kompetansen til personalet og bygga opp gode læremiddelsamlingar	2.1 Vidareutvikla den nye organiseringa med felles Introsenter på Ryggjatun til samla å gi gode tenester til brukarane.	Dette er godt i gang.
	2.2 Etablera gode rutinar for mottak av flyktningar på tvers av aktuelle einingar	Mykje positivt som skjer på dette feltet, men me manglar framleis ein del når det gjeld formalisering av samarbeid og utarbeiding av gode rutinar og prosedyrar.




5. Kommunen som organisasjon og arbeidsgjevar

Mål:

- Suldal kommune skal vera ein heilskapleg og målstyrt organisasjon med forsvarleg og kostnadseffektiv organisering og drift.
- Suldal kommune skal vera utviklingsorientert med gode etiske haldningar hjå politikarar og tilsette.
- Suldal kommune skal vera ein god organisasjon å arbeida i for serviceinnstilte og resultatorienterte medarbeidarar som gir kommunen eit godt omdømme.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
	0.1 Selja Foldøy leirskule	Leirskulen er selde.
	0.2 Utgreia kva selskapsform Suldal elverk skal ha når ny lovendring trer i kraft: Splitta i to selskap, aksjeselskap, fusjon eller andre løysingar	Under arbeid
	0.3 Auka eigaruttaket i SEV (utbytte 5 mill frå 17, kommunerekneskap i 18)	
1. Rekruttera nok kompetente medarbeidarar innan dei fleste fagområda. Som hovudregel tilby heile stillingar.	1.1 Nytt utdannings- og rekrutterings-fondet ved særskilde rekrutterings- og etter- og vidareutdanningstiltak.	Vert nytta til rekruttering og kompetanseheving.
2. Skapa kultur for læring samstundes som me satsar på etter- og vidareutdanning.	2.1 Gi støtte til tilsette som tek etter- og vidareutdanning	Det er fire søknadsfrister i året for tildeling av tilskot. Utdelt hittil kr 291 000: -Kultur kr 179 000,- -Intro kr 67 000,- -Sjukeheim kr 30 000,- -Teknisk drift kr 15 000,-
3. Utvikla leiarar som er tydelege, utfordrande og i samspel med medarbeidarane når målsetjingane.	3.1 Starta eigen leiarutdanning	Har kjøpt ein enkeltdag med kurs. Er i kontakt med KS for eit leiarutviklingsprogram.
	3.2 Ha deltakarar på statlege leiarutdanningar, som til dømes rektorskule eller styrarskule	Ingen aktuelle i år
4. Satsa på ein felles bedriftskultur basert på likestilling, serviceinnstilling og resultatoppnåing.	4.1 Revidera innføringsprogrammet for nyttilsette og gjera dette til del av leiaropplæringa.	Ikkje utført
	4.2 Innarbeida rutinar for ha ei aktiv, informativ og oppdatert heimeside og ha jamleg nyheitsoppdatering på facebook.	Har vore fokus på nytt intranett som nå er lagt ut i ny versjon. (Forseinka grunna diverse systemfeil.) Arbeidet med rutinar startar seinare i haust

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
5. Arbeida aktivt med målsetjingane i inkluderande arbeidsliv og utvikla helsefremjande arbeidsplassar. Leggja til rette for arbeid for dei som har vanskar med å koma inn på den ordinære arbeidsmarknaden.	5.1 Gjennomføra handlingsplanen for «Inkluderande arbeidsliv»	Vert gjort.
6. Vidareutvikla ein lokal lønspolitikk basert på individuell vurdering.	6.1.a Revidera planen i kommunestyret i 2016	
	6.1.b rullera planen i partsamansett utval i 2018	
7. Ha kontinuerleg fokus på føremålstenleg og kostnadseffektiv organisering og drift.	7.1 Utsifting/oppgradering. (INV) Nettbrett omsorg Nytt klientprogram PPT Lokale inv PC-Vaksenopplæringa Smartboardtavler i skulen	Utført Utført Utsett til 2018 Ferdig i løpet av hausten Utsett til 2018 Utsett til 2020
	7.2 Delta i effektiviseringsnettverk	
	7.3 Reduksjon av årsverk	Planen er gjennomført for 2017
8. Nytt brukar-, innbyggjar og medarbeidarundersøkingar.	8.1 Det vert sett av eigne midlar til oppfølging av brukar- og medarbeidarundersøkingar	Utført
9. Vidareutvikla internkontrollsystem og bruka desse for å kvalitetssikra den kommunale verksemda både fagleg og administrativt		



Suldal kommune
Eidsvegen 7, 4230 Sand.

Sentralbord : 52 79 22 00

E-post: postmottak@suldal.kommune.no
Telefaks: 52 79 22 05

www.suldal.kommune.no